

# Grunnleggjande spørsmål om språkending og norsk språkhistorie

Ein omtale av *Norsk språkhistorie I - Mønster*

Sverre Stausland Johnsen

## Samandrag

Denne artikkelen er ein grann omtale og gjennomgang av det fyrste bandet i verket *Norsk språkhistorie*, som er etla til det nye oppslagsverket for emnet. To sider ved framgangsmåten i denne boka vert kritiserte. For det fyrste vert språkendingar tekne for å vera målretta og heimevaksne i staden for å vera sjølvdrivne endringar som spreier seg gjennom sosial tilpassing. For det andre skil ikkje forfattarane mellom den norske og norsk-danske utviklingslina i språkhistoria, og dei tek norskætta og danskætta språktrekk for å gå ut på det same. Attåt vert ei rekkje andre misgrep i boka framlyfte og drøfte. Jamvel om gjennomgangen av den norske språkhistoria i det store og heile er god, kan ikkje denne fyrsteutgåva nå målet om å verta det nye oppslagsverket for norsk språkhistorie. Difor er det von om at ei ny og omvølt utgåve kan koma på marknaden.

## Summary

This article is a thorough review of the first volume of *Norsk språkhistorie*, which aims to be the new reference work for the history of the Norwegian language. With respect to the overall approach taken in this book, two aspects are criticized. First, observed changes are viewed as teleologically driven local innovations, rather than evolutionary adaptations spreading through social accommodation. Second, no attempt is made to distinguish between originally Norwegian and originally Danish features, and the Norwegian and Norwegian-Danish languages are throughout the book treated as one and the same language. The article also highlights a number of inaccurate statements about the history of the Norwegian language. Although the book as a whole presents a good overview, it is in its current form not well-positioned to serve as the new reference work for this field. A revised edition of the book would thus be welcomed.

Lykelord: Norsk språkhistorie, nynorsk, gamalnorsk, bokmål, norsk-dansk, dansk, språkending, målretta utvikling, innovasjon, tilpassing, spreining, haldningar, fonologi, lengd, stavingar, vokalar, *i*-omlyd, verb, Ivar Aasen, ordtilfang, lånord, lågtysk, genitiv.

## 1 Innleiing

I 2016 kom det fyrste bandet i verket *Norsk språkhistorie* ut. Denne utgjevinga skal me halda for eit storhende, for redaksjonen for dette verket etlar at det mykje godt skal vera det nye vitskapelege oppslagsverket for norsk språkhistorie (s. 8–9). Tittelen på dette fyrste bandet er *Mønster*, og Helge Sandøy har vore redaktør. For heile verket er Sandøy og Agnete Nesse redaktørar, og siste bandet i verket kom ut

\* Takk til Klaus Johan Myrvoll, tidsskriftredaktør Janne Bondi Johannessen og to anonyme fagfellar for gode merknader og innspel til utkast av denne artikkelen.

i november 2018.<sup>1</sup> Etter føreordet i verket skal fyrste bandet taka føre seg «språkstrukturen» og sjå på «korleis språket som form, struktur og grammatisk system utviklar seg» (s. 9).

Det er ikkje reint fåe språkhistoriebøker for norsk på marknaden no. I dette hundreåret har me fått Otnes & Aamotsbakken (1999), Almenningen mfl. (2002), Nesse (2013) og Torp & Vikør (2014). Det som er sams for alle dei, er at dei er for innføringsbøker og lærebøker å rekna. Men bokverket *Norsk språkhistorie* har sett seg mål om å vera «ei vitskapleg språkhistorie med det målet å vere eit moderne fagleg referanseverk» der «spesialistar har kunna legge breitt fram faglege diskusjonar og refleksjonar» (s. 8–9). Då er det rimeleg at boka må dømast etter det føremålet utgjevarane har gjeve ord for. Slik eg ser det, fører det til at me må kunna setja desse krava:

- Læra og hypotesane kan ikkje vera særigne, men må i hovudsaka stå for ålment godteken lærdom. I dei tilfella der det ikkje finst noka semje, bør ein få fram dei mest kjende framlegga frå litteraturen.
- Det må vera rikeleg med tilvisingar til dei stadene tilfanget og hypotesane er tekne frå, so at lesarane kan etterprøva det som er skrive.
- Framstillinga må vera eit heller fullt utval av dei viktigaste fenomenene i den norske språkhistoria, og kan ikkje berre vera eit utval av dei tinga forfattarane har hatt hug til å seia noko om.

Ein dom om desse krava er stetta, må koma fyrst etter ein gjennomgang av dei seks kapitla i boka. Fyrste kapitlet, «Språkending», skriv ålment om fenomenet språkending og om korleis nye språktrekk kjem fram og spreier seg. Andre kapitlet, «Fonologi», er om lydendingar og ombrøyte i lydssystemet. Tredje kapitlet, «Morfologi», er om endringar i ordbøyinga og ordlaginga. Fjerde kapitlet, «Syntaks», tek føre seg endringar i ordfylgja. Femte kapitlet, «Ordforrådet», tek opp endringar i ordtilfanget. Sjette og siste kapitlet, «Tekst og sjanger», er ein gjennomgang av skriftkunne og ymse tekstsjangrar i den norske historia. So kjem det ei liste med alle tilvisingane i boka, ei liste med definisjonar av dei fagtermene som er bruka, eit kort oversyn over den internasjonale lydskrifta IPA, eit register med oppslagsord og heilt sist eit register med personnamn og stadnamn. Leitt er det at det manglar eit register med dei omtala ordformene i verket, slik me finn hjå både Seip (1971) og Indrebø (2001).

Ein kan spørja seg i kva grad det siste kapitlet «Tekst og sjanger» høyrer heime i eit verk om språkhistorie. Det skil seg om ein meiner tekstvitenskapen soknar til språkvitenskapen eller litteraturvitenskapen. Denne artikkelen er ikkje rette staden å diskutera det spørsmålet. Men at det ikkje høver vel inn i eit band om det «grammatiske systemet», som det står i føreordet, det burde vera uomstridt.

Det er ikkje eit mål med denne omtalen å samla i hop og telja opp alle mistak og gåløyser, for slikt høyrer heime i ei *errata et corrigenda*, og det er det forlaget og forfattarane sjølve som må stå for seinare. Her skal eg velja ut det eg meiner er grove mistak og interessante tankar som gjev grunnlag for diskusjonar. Samstundes er denne artikkelen mykje meir enn ein grundig bokomtale. Særleg når det gjeld den vitskaplege metoden i språkendringsgranskinga og framstillinga av utviklingslinene i den norske språkhistoria, reiser denne boka so mange spørsmål at det krevst ein inngåande diskusjon av sjølve grunnspørsmåla i forskingsframferda.

## 2 Nemningar og definisjonar

I både kvardagsleg og lærd tale seier me «norsk» med ymist innhald. I den vidaste tydinga kan alt språk med ei viss historie i Noreg kallast «norsk». Her til lands har dei tala panjabi i nokre tiår og kvensk i nokre hundreår, og på ei vis kan me kalla desse to språka for «norske» talemål. Sameleis kan me òg kalla alt som høyrer til talemål i Noreg for norsk. På den måten er ord som *milkshake* og *telefon* «norske» ord, sidan dei fell lett på tunga for dei fleste av oss når me talar morsmålet vårt. Like fullt er det ei anna og

1. Denne artikkelen vart skriven før dei andre banda var på marknaden. Difor kan eg ikkje taka omsyn til det som står i dei banda.

mykje vanleg tyding av «norsk» som går imot eit slikt nemningsbruk, og som seier at *norsk* berre er det som ifrå *gamalt* har vore norsk. I denne tydinga er «norsk» det som er nedervt og norskætta. Det finst ingen skarpe skil mellom desse ulike tydingane, og det er inga fast semje om kor langt att i tid me lyt gå for at ordlaga «ei viss historie» eller «ifrå gammalt» skal vera sanne.

Men i ei vitskapleg utgreiing er det uheldig å lata omgrepa vera lause og fleirtydige. I den vitskaplege framferda er det viktig å vera nøyaktig i nemningsbruket sitt og å definera hovudomgrepa for lesarane. I eit verk om den norske språkhistoria er det nettopp *norsk* som er forskingsobjektet, og då er det lite som veg tyngre enn å få eit fast grep om kva som ligg i denne nemninga. Difor er det merkande at forfattarane i denne boka korkje definerer eller opplyser om kva dei legg i nemningar som «norsk», «moderne norsk», «standardnorsk» og «notidsnorsk». Med di vert det uklårt kva det skal tyda når det står i denne boka at eit ord, språktrekk eller talemål er «norsk».

I språkhistorieforskinga er det nettopp historie, arv og utvikling som er kjernen. Då er det rimeleg at ei fleirtydig nemning som «norsk» må få ei fast og klår tyding i høve til desse kjerneemna. Difor skal omgrepet *norsk* i denne artikkelen ha den historiske tydinga nemnd ovanfor og stå for «nedervt frå gamalnorsk eller nylaga frå nedervt tilfang». Kort sagt skal *norsk* tyda *norskætta*. Etter denne definisjonen kan korkje talemåla panjabi og kvensk eller orda *milkshake* og *telefon* kallast norske, rett og slett av di dei ikkje er nedervde frå gamalnorsk eller nylaga frå slikt nedervt tilfang. Ei fylgje av denne definisjonen er at me med rimeleg god visse kan slå fast kva som er norsk eller ikkje, sidan ei vitskapleg gransking i flestalle høva kan syna kva opphav eit ord, språktrekk eller talemål har. I denne artikkelen er omgrepet *nynorsk* namnet på språktrinnet etter gamalnorsk og mellomnorsk. Norske språk og språktrekk som høyrer til denne tida, vert med di kalla *nynorske*.

Om dei norskætta språka får namnet *norsk*, då må det *danskætta* skrift- og talemålet i Noreg få eit anna namn. Difor skal eg gjera sameleis og kalla det *norsk-dansk*, som i den historiske tydinga er det vitskapleg rettaste namnet på dette språket (Torp & Falk 1898: 7; Heggstad & Seip 1909: 7; Liestøl 1927: 100; Indrebø & Torjusson 1929: 4–6). Føremonen med desse namna er ikkje berre at dei er gjennomsynlege og syner kva opphav språka har og kva ætt dei høyrer til, men òg at dei svarar til måten me gjev namn til andre skrift- og talespråk i verda på. Difor kallar me til dømes det irskætta språket i Irland for *irsk*, og det engelskætta språket i Irland for *irsk-engelsk*. Eg kjem til å kalla det norsk-danske skriftspråket på 1900- og 2000-talet for *bokmål* òg, slik me er vane med å kalla det i dag.

Det er viktig å hugsa på at det er definisjonane og ikkje namna på omgrepa som er det mest sentrale. I språkhistorieforskinga treng me vitskaplege omgrep til å skilja det nedervde tilfanget frå slikt som er tilkome utanfrå. Kva namn me gjev desse omgrepa, har lite å seia, so lenge omgrepa er klårt definerte og det er semje om kva omgrepa tyder. I denne artikkelen brukar eg nemningane *norsk* og *norsk-dansk*, men andre kan ha andre namn om dei heller vil det; det endrar ikkje på noko so lenge definisjonane er dei same. Me skal ikkje dølja at desse namna har vore omstridde, særleg på den norsk-danske sida i målstriden, der dei har kjent det både fornærmande og sårande at namnet på språket deira skal ha ordet «dansk» i seg, og at det ikkje skal vera jamgodt med det norskætta språket i å verta kalla «norsk» (Haugen 1966: 37, 89).

Nemningsstriden må i alle høve ikkje føra til at vitskapsverk lèt vera å skilja slikt som ei vitskapleg utgreiing krev at vert halde åtskilt, og at nemningane ein brukar, ikkje vert definerte. Men i denne boka er det nettopp det som har hendt, og som me kjem attende til i bolk 9, har nok det vore med på å gjera framstillinga av den norske språkhistoria i denne boka noko skeiv.

### 3 Fyrste kapittelet – «Språkending»

Det fyrste kapittelet på sidene 31–99 har dei to hovudredaktørane Helge Sandøy og Agnete Nesse skrive. Kapittelet har femten bolkar, der Nesse har skrive halvannen bolk og Sandøy resten. Dei skal ha lovord for å lata boka taka til med eit kapittel om dei grunnleggjande spørsmåla for språkhistorieforskinga. Det

femner om ting som kva språk er, og korleis ei språkending oppstår og spreier seg i samfunnet. Det er bra at boka byrjar på denne måten i staden for å gå rett på detaljar om urnordiske lydendingar, slik som dei andre hovudoppslagsverka for norsk språkhistorie gjer (Seip 1971; Indrebø 2001). I dag legg me ikkje lenger berre vekt på *kva* som har hendt, men òg på å skjøna *kvifor* og *korleis* det hende.

Like fullt tykkjer eg svara på desse grunnleggjande spørsmåla vert mykje merkte av dei synspunkta forfattarane alt har. Somme gonger ligg konklusjonen dei kjem fram til, alt i premissane som vert lagde til grunn, andre gonger vert motstridande synspunkt gjorde meir ekstreme enn dei treng å vera, og somtid er eg usamd med den vitskaplege metoden. Nedanfor kjem nokre døme på det.

### 3.1 Er språket eit kulturfenomen eller naturfenomen?

I bolken «Kva er språk?» diskuterer Sandøy spørsmålet om språket er eit naturfenomen eller eit kulturfenomen, og kjem til at det ligg ein stad midt imellom. Eit fenomen av dette slaget får ikkje eit namn, men vert kalla «fenomen av tredje typen» (s. 35). Men mykje av grunnen til at språket ikkje kan verta kalla eit naturfenomen, er at eit slikt fenomen vert definert til «resultatet av eit årsak-verknad-forhold heilt uavhengig av menneskesinnet» (s. 34). Og sidan me ikkje kan tvila på at språkevna høyrer til menneskesinnet, då må det fylgja av det at språket ikkje er «heilt uavhengig av menneskesinnet», og difor ikkje eit naturfenomen. Med di er konklusjonen alt lagd i premissen. Det som kunne ha vore ein interessant diskusjon, kjem difor bort, sidan svaret på spørsmålet alt ligg i ein premiss som ikkje vert diskutert. Det er heller ikkje klårt kvifor omgrepet «naturfenomen» vert definert som det vert i utgangspunktet. Kvifor skulle naturfenomen berre vera dei som ligg utanfor menneskesinnet? I naturvitskapen har det i alle fall sidan 1940-åra vore vanleg å sjå både menneskesinnet og menneskeleg åtferd for å vera reine naturfenomen, og empirisk forskning har òg synt at ein i stor grad kan føreseia handlingane og intensjonane åt folk ut ifrå interne og eksterne tilhøve (sjå t.d. Ajzen 2005).

Noko av den same metoden ser me når Sandøy konkluderer med at språket er eit kollektivt fenomen: «Viss poenget er å beskrive faktisk språkbruk, ligg det autoritative om kva som er språket [...] i kollektivet, ikkje hos enkeltpersonen. [...] språket må betraktast som eit *kollektivt fenomen*» (s. 35–36). Her er premissen på nytt lagd alt, at det er «faktisk språkbruk» som skal skildrast. Men det er ikkje gjort greie for kvifor me skal ha nettopp den innfallsvinkelen. Innanfor ei av dei største og sterkaste retningane av språkvitskapen er synet nettopp det at det *ikkje* er faktisk språkbruk som er hovudsaka for språkforskinga, men heller språkkunnskapen hjå individet (Chomsky 1986). Det er eit syn som heller ikkje er uvanleg i språkhistorieforskinga (sjå t.d. Hale 2007). Med litt andre premissar og synspunkt kunne me difor like godt ha kome til eit heilt anna utfall enn det Sandøy gjer, og sagt at språket fyrst og fremst er eit naturfenomen hjå individet i staden for at det er eit kulturfenomen i kollektivet. Alt lagd i hop saknar eg ei grunngeving for kvifor Sandøy vel det utgangspunktet han gjer, og som me ser ovanfor, har det mest alt å seia for kva svar me får på spørsmålet om kva språket er for eit fenomen.

### 3.2 Målretta utvikling

Det har lenge vore ein tanke hjå språkforskarar om at talemåla endrar seg i ei viss retning. Det er som talemålet «vil» ein stad, at det sig fram mot eit fastsett «mål» (Sapir 1921: 165–166, 183). Det kan synast vera slik, for me finn gjerne att dei same utviklingslinene i talemåla verda over. Men det som har mest å seia, er ikkje å sjå at talemåla ofte utviklar seg på same måten, men å finna ut *kvifor* dei gjer det. Til det er det to hovudsvar. Eit gammalt syn er at språkutviklinga fylgjer det same prinsippet som biologiske arter gjer etter Darwins evolusjonsteori, og det er etter *sjølvdrive utval* (Darwin 1872). Det som er meir levedyktig, overlever, og det som er mindre levedyktig, fell frå, heilt utan nokre føringar (sjå t.d. Paul 1920: 32). Då kjem lik utvikling i mange talemål av at dei tilhøva som ligg utanfor språket som oftast er dei same overalt, og då påverkar dei språkutviklinga på same måten so at liknande språktrekk kjem fram.

Eit anna svar på dette spørsmålet er å gå ut ifrå at det ikkje (berre) er tilhøve *utanfor* språket som formar utviklinga, men at det er ein mekanisme inni sjølve grammatikken som på ein eller annan måte «føretrekkjer» språktrekk  $\alpha$  framfor språktrekk  $\beta$ . Etter kvart som språket vert bruka, kjem då grammatikken smått om senn til å driva fram eit skifte i talemålet frå  $\beta$  til  $\alpha$ . Dette vert ei målretta endring, for «målet»  $\alpha$  er bygt inn i sjølve grammatikken ved at han har ein preferanse for  $\alpha$  over  $\beta$  (sjå t.d. Chomsky & Halle 1968; Postal 1968: 170).

Sandøy har lenge støtt hypotesen om slike målretta endringar, jf. «[S]pråket føretrekker visse drag. Desse draga seier me er meir *naturlige*» og «I fonologien finst det innebygde tendensar eller føringar for kva som er ‘naturlege’ utviklingar» (Sandøy 1993: 135; 2008a: 207). Men i denne språkhistoria uttrykkjer Sandøy eit tvisyn. Bolken om «drivkreftene» bak språkendringar byrjar med konklusjonen at «[s]pråket viser inga teleologisk utvikling», men reservasjonen kjem alt i neste setninga, der Sandøy like fullt hevdar at «[i]nnanfor avgrensa felt av språket kan endringane likevel følge språkstrukturelle preferansar», «det ligg føringar i språkstrukturen» og at «[d]esse føringane er innoomspråklege årsaksfaktorar» (s. 58).<sup>2</sup> Han kjem med døme frå ordbøying, artikulasjon og persepsjon på slike føringar, men eg held ingen av dei for å vera døme på det. Det er ikkje rom til å gå inn på alle døma her, men eg skal draga fram eitt av dei og syna at det ikkje er nokon grunn til å tru at det er innbygde føringar i grammatikken som har valda det.

### 3.2.1 Føringar i persepsjonen

Om ein ser på vokalsystemet i ulike talemål, so finn ein gjerne att det same mønsteret. Vokalane er som dei var magnetar som skuvar kvarandre bort i det akustiske rommet (Liljenkrants & Lindblom 1972). Med andre ord tenderer systemet mot at vokalane er so langt frå kvarandre som dei kan koma. I det akustiske rommet tyder det at dei fremre vokalane vert urunda og dei bakre vokalane runda. Med det til grunn konkluderer Sandøy at «språka i verda føretrekker fremre urunda og bakre runda vokalar» og at «fenomenet har utgangspunktet i ei internspråkleg føring» (s. 64). Her viser han til Johnson (2012), men her er det Johnson skriv:

[T]he vowels that can be most reliably distinguished from each other are those that are maximally distinct. So, if we assume that listeners’ abilities to hear vowel distinctions provide a selectional pressure on segment inventories (in the diachronic development of language), we would predict that the most common vowels in the languages of the world would be the ones that have extreme formant values [...] (2012: 142).

Denne læra kallar Johnson *tilpassa spreining* og viser til Lindblom (1990), som skriv:

[T]heories of [...] sound patterns must be consistent with current Neo-Darwinian models of biological and cultural variation og selection (1990: 404).

Læra til Johnson og Lindblom er med andre ord at spreininga av vokalane i det akustiske rommet kjem av at ho er tilpassa dei ytre tilhøva i tråd med Darwins evolusjonsteori. På den måten er vokalsystemet eit døme på sjølvdrive utval, og det er beint imot trua på målretta utvikling, jamvel om Sandøy like fullt held dette systemet for å vera døme på det. Dei har god greie på korleis desse systema kan ha utvikla seg, og datasimuleringar viser at ein ikkje treng å leggja til grunn at det finst «språkstrukturelle preferansar/føringar» (de Boer 2000; Oudeyer 2006: 106–122). Som de Boer kjem fram til:

[I]t is possible to explain the universal tendencies of vowel systems as a result of self-organization [...]. This eliminates the need to postulate an innate predisposition towards certain vowel systems, as well as the need for explicit optimization by language users (2000: 464).

2. I fall det ikkje skulle vera heilt klårt kva som er lagt i nemninga *språkstruktur* her, so har redaktørane sjølve definert det ordet til å tyda det same som *grammatikken* (s. 640).

### 3.2.2 Målretta utvikling og vitskap

I 1934 skreiv den amerikanske språkforskaren Leonard Bloomfield at målrettingstanken er «førvitskapleg», av di han «cuts off investigation by providing a ready-made answer to any question we may ask» (1934: 34–35). Om ein er open for at opphavet til eit fenomen er at det er bygt inn i naturen at det skal vera slik, då kan ein snøgt slå seg til ro med det og halda opp med å leita meir etter svar. På den måten får me aldri ny kunnskap. Vitskapen går framover ved at me legg til grunn at det for kvart fenomen er noko anna og meir djuprøtt som har valda det (Kemeny & Oppenheim 1956). Det same gjeld for språkvitskapen.

Likevel skal me ikkje utan vidare forkasta kvar hypotese om målretta utvikling, for somme ting er retteleg gjevne frå naturen. Her vil Sandøy argumentera for det og skriv at «[d]esse føringane [...] har empirisk støtte i at mønster tar seg opp att i mange språk og fleire gonger i historia» (s. 58). Men det må gjelda for ein logisk brest, for at noko finst, er ikkje prov på ein viss hypotese om *kvifor* det finst. Om ein ikkje finn gode merke på at eit språktrekk eller tendensen mot det er innbygd i grammatikken, so må ein fylgja prinsippet om at alle språktrekk kjem frå noko meir djuprøtt, anten det er i den ålmenne menneskenaturen eller i naturen utanfor mennesket. Me som forskar på språkendingar må då vinna oss fram til å finna ut kva dei grunntilhøva er.

### 3.3 Kvar kjem nye språktrekk frå?

Når ei språkending hender, er det eit nytt språktrekk som kjem fram. Kvart nytt språktrekk er til sjunde og sist ein innovasjon – einkvan var den fyrste til å taka nya av det nye språktrekket. Sidan kan innovasjonen spreia seg til andre folk. Når me er vitne til eit nytt språktrekk i eit målføre, so vert med di spørsmålet om dette språktrekket har utvikla seg der av seg sjølv, eller om det har kome dit frå ein annan stad. Er det med andre ord innovasjonen me ser, eller har me røynt utbreiinga? For dei som forskar på språkendingar i samfunnet, må dette vera eit av dei fyrste spørsmåla ein stiller seg. Men jamvel om det må gjelda for eit grunnleggjande spørsmål i forskargjerninga, so kjenner eg ikkje til at nokon har formulert ei læresetning om korleis ein skal gå fram i denne saka. Det skal eg gjera her og legg til grunn læresetninga i (1).

- (1) I åtferda kopierer folk frå andre meir enn dei innoverer.

Læresetninga i (1) gjeld nok for all menneskeleg åtferd, for folk freistar fyrst og fremst å gjera som andre og vera som andre, og ikkje vera særneigne på alle måtar. Men her skal eg berre taka føre meg korleis (1) ter seg i språkvegen, og ordleggja prinsippet i (2), som fylgjer beint frå (1).

- (2) For kvart språktrekk er det meir truleg at det kjem av kopiering enn av innovering.

Når me røyner eit nytt språktrekk i eit målføre, bør me difor gå ut ifrå at språktrekket har kome dit frå ein annan stad, og ikkje tru at det har kome opp av seg sjølv på den staden me ser det fyrst. Det er to gode grunnar til at me bør gå fram på den visa.

For det fyrste må (2) mest reknast for ei sjølvsgad sanning, for om det ikkje var slik, og det heller var slik at innovering var meir vanleg enn kopiering, då hadde talemåla jamnan kløyvt seg i mindre variantar heilt til kvar mann tala sitt eige særmerkte tungemål. Slik er det ikkje, må vita. Me veit at når folk kommuniserer med kvarandre, då likjest språkbruket deira, og det er av di dei fyrst og fremst kopierer frå kvarandre. At det er ein direkte samanheng mellom målføreliskskapen og omfanget av kommunikasjonen, må gjelda for gamal lærdom (Paul 1920: 40; Bloomfield 1935: 46–47, 326–328).

For det andre er det ein vitskapleg metode som har mykje på seg, og som rettleier oss i slike tilfelle. Det er einfeldepriinsippet, som seier at me lyt velja den enklaste av to elles jamgode hypotesar. Det gjer me ikkje berre for metoden skuld, men òg av di den enklaste hypotesen plar vera den rette (Gauch 2012:

174–197). Om me finn det same nye språktrekket i mange bygdelag, då er den greiaste og enklaste hypotesen at dette språktrekket har kome opp éin stad og sidan spreitt seg til dei andre bygdelaga gjennom dei kommunikasjonssambanda folka der har. Ein langt meir komplisert hypotese – og difor òg ein mindre sannsynleg hypotese – er at språktrekket har kome opp kvar for seg i kvart bygdelag, akkurat som det var eit slumpehøve at det same språktrekket har kome opp i andre bygder òg.

Me veit etter måten mykje om den vegen spreinga av språktrekk tek. Dei spreier seg frå dei største byane til mindre byar, og til sist frå småbyane ut til landsbygdene. Språktrekka går med andre ord nedover i eit hierarki. Dei går i den retninga av di dei fylgjer kommunikasjonsvegane, og det syner at språktrekka spreier seg når folk møtest og kopierer frå kvarandre (sjå Stausland Johnsen 2015a,b). Når me finn eit nytt språktrekk i eit målføre, bør me difor gå ut ifrå at språktrekket har kome dit frå einkvan større by i nærleiken.

Trass i alt dette har språkforskarar ein tendens til å sjå alle språkendingar for å vera heimevaksne. Me kan vèl skjønna den tilhugen, for ein språkforskar vil gjerne seia noko om kva det er i grammatikken som har valda endringa. Dei fleste språkforskarar er mindre interesserte i opplysningar om kommunikasjon mellom folk, kommunikasjonsvegane mellom bygdene, kvar folk ferdast og kven dei talar ved, og andre slike ting. Men det gjer ikkje om på vissa om at det er desse tilhøva i samfunnet som stort sett forklarar språkendingane, og at nye språktrekk jamnast kjem til utanfrå.

I dette kapittelet er Sandøy eit godt døme på ei slik tilnærming. Mange endringar som helst er komne utanfrå, held han for å vera heimerøtte. Ei slik endring som han òg nemner i flestalle bøkene han har skrive, er omskiftet i presensforma av sterke verb på Sørvestlandet (1985: 236; 1993: 150; 2008b: 227, 238–239). I desse målføra har mange sterke verb tradisjonelt hatt eit skil mellom infinitivs- og presensstommen, som i /<sup>2</sup>so:va – <sup>1</sup>sø:ve/.<sup>3</sup> No har desse formene endra seg so at dei har same stommen i båe to (men tonelagsskilnaden er halden ved lag): /<sup>2</sup>so:va – <sup>1</sup>so:ve/ (s. 61). Dette er ei av dei endringane Sandøy held for å vera døme på målretta utvikling (sjå bolk 3.2), der målet har vore å «'kvitte seg med' den ekstra stammen i presens» og gjera «ei siste 'opprydding' av unntaka frå dei elles regelmessige presensformene» (s. 61–62). Lars Vikør lyfter fram nettopp dette fenomenet til sjølv krondømet på ei heimevaksen og målretta endring (1999: 23).

Men som diskutert ovanfor lyt me testa hypotesen om at fenomenet kan ha kome frå bymåla i nærleiken. Kjelda for denne språkendinga er Sandøy (1985: 236), og der får me vita at ho er gjennomført i byane Stord (Leirvik) i Sunnhordland og Haugesund i Nord-Rogaland. Desse to byane ligg nettopp mellom to av dei største byane i landet: Bergen i nord og Stavanger i sør, båe om lag 80 km unna. Hypotesen vert med di at dette nye språktrekket har spreitt seg frå bymåla i Bergen og Stavanger. Ingen av dei bymåla har noko stommskifte i bøyinga av sterke verb (Larsen & Stolz 1912: 97; Berntsen & Larsen 1925: 291), og difor heiter det tradisjonelt *såvæ* – *såvå'* (Bergen) og *såvå* – *såvå'* (Stavanger) (1912: 105; 1925: 288). Med di er hypotesen vår stødd, og me kan slutta at det nye språktrekket i Stord og Haugesund er noko som har spreitt seg frå talemåla i Bergen og Stavanger. Sidan me òg veit at dette nok er den aller mest vanlege måten eit nytt språktrekk kjem opp på, so er det ingen grunn til å tru at me har med ei heimevaksen endring å gjera her.

Sandøy vil argumentera imot teorien at det kan vera ei «alternativ 'sosial' forklaring» for dette omskiftet, men i staden for å argumentera imot at dette språktrekket har spreitt seg frå storbyane gjennom kommunikasjonsvegane, so argumenterer Sandøy imot teorien at det er «ei etterlikning etter prestisjeformene i bokmålet» (s. 61). Men skriftspråket finn ein i massemedia, og det er heller god semje mellom språkforskarar at nye trekk i grammatikken ikkje vert spreidde gjennom media kor som er (Stausland Johnsen 2015a,b). Det er underleg at Sandøy vel ein slik stråmann å argumentera imot, for heilt mot enden av kapittelet skriv han sjølv at «[n]år ein jamfører kjeldene for dialektendingar rundt om i landet [...], ser ein eitt gjennomgåande trekk: Endringane går i retning av dialekten i regionhovudstaden [...]» (s. 95). I ein fotnote hjå Sandøy (1993: 150–151) heiter det attpåtil om dette omskiftet at «vi må rekne

3. I sitat frå boka *Norsk språkhistorie* transkriberer eg orda slik dei står der. Elles i artikkelen brukar eg den norske lydskrifta for nynorske ordformer (Storm 1908; Kolsrud 1950).

med påverknad frå bergensk i denne utviklinga» sidan «å lage presens utan vokalskifte er [...] i samsvar med bergensk», ein observasjon som ikkje kom med i dette kapittelet no.

### 3.4 Korleis spreier nye språktrekk seg?

Språktrekk spreier seg ved at folk kopierer frå kvarandre. Kopiering er eit resultat av tilpassing, og styrken på tilpassinga heng saman med kor vel folk tykkjer om dei dei talar med. Kort sagt, ein person kopierer meir frå ein han tykkjer vel om, og mindre (eller ingenting) frå ein han tykkjer lite om (Stausland Johnsen 2015a). Det ligg nok psykologiske mekanismar til grunn her. Me talar meir som dei me likar, både av di me ynskjer å verta meir som dei er (me tykkjer dei er gjæve), og av di me vil skapa eit nærare samband med dei (me viser dei gjennom åtferda vår at me vil verta meir som dei). Men i dette kapittelet er Sandøy skeptisk til tanken om at haldningar har noko med spreinga av språktrekk å gjera.

Den haldninga som folk gjerne held for å påverka språkbruket mest, er kva talemål som har «prestisje». Sandøy har rett i at me fyrst må gjera det klårt kva me legg i ordet «prestisje». Han definerer det slik at det talemålet som får høgst skår på spørsmålet i (3), som var gjeve ein stor folkehøp på Vestlandet, det har høgst «prestisje».

- (3) [Ranger ein del dialektar] «etter slik de trur folk generelt i Noreg vurderer kor høg status dei har. Med status siktar vi til om dialektane blir sette høgt eller lågt i samfunnet» (s. 88).

Me får ikkje god greie på kva målføre dei utspurde fekk å velja mellom, men eitt svar alle kunne velja, var «Oslo», og resultatet av undersøkinga vart at «[t]alemålet i hovudstaden kjem høgast» (s. 88). Det spørst om dette er rett framlagt. For i Sandøy (2013), der denne diskusjonen er henta frå, står det ikkje at «Oslo» var eit av svara dei kunne velja, men at dei fekk eit «‘dialect name[...]’ – representing Eastern Norway» (2013: 134). Materialet her er henta frå masteroppgåvene åt Fossheim (2010) og Aasmundseth (2010), og her kan me lesa at dei utspurde ikkje fekk «Oslo» mellom svarvala, men «austlandsk» (Fossheim 2010: 50, 145–146; Aasmundseth 2010: 34, xii). No er «Oslo» og «austlandsk» to ulike ting, og når heile argumentasjonen frå Sandøy har å gjera med at «Oslo» og «[t]alemålet i hovudstaden» fekk høgst skår, då kan ikkje desse undersøkingane vera grunnlaget for den argumentasjonen, slik Sandøy gjer i dette kapittelet. Kvifor «austlandsk» i kjeldene er omgjort til «Oslo» i denne framstillinga, er ikkje noko Sandøy kjem inn på.

Om me like fullt legg til grunn at talemålet i Oslo har høgst «prestisje», og «prestisje» er det som styrer språkutviklinga i landet, då skulle me venta, skriv Sandøy, at folk i heile landet hadde byrja å seia ting som «Piken kastet boken utfor broen i går aften», sidan ei slik setning frå «prestisjespråket på Oslo vestkant [...] har hatt høg prestisje» (s. 89). Når folk ikkje gjer det, so viser det at «prestisje» ikkje er det som styrer språkendingane. Dette er på nytt argumentasjon mot ein stråmann, for heller ikkje i Oslo seier dei «Piken kastet boken utfor broen i går aften». I beste fall er dette eit døme på hundre år gamal høgtidstale. Vanleg kvardagstale har det nok aldri vore, heller ikkje i Oslo. Det går greitt å syna at det ikkje er talemålet på Oslo vestkant som har påverka målføra i landet direkte (sjå Stausland Johnsen 2015a,b), so ein treng ikkje laga slike ekstreme døme som Sandøy gjer, skal ein argumentera for det.

I staden for å spørja folk kva dei trur andre meiner, som i (3), kan ein spørja folk kva dei meiner sjølve, som Sandøy og dei har gjort med spørsmålet i (4).

- (4) «Kor fine synest du dialektane som er nemnde nedanfor, er?» (s. 89).

Men frå (3) til (4) har dei ikkje berre gjort om på kven som meiner noko, men dei spør òg etter ein heilt annan ting. Kor høg status ein trur eit talemål har i samfunnet, er eit heilt anna spørsmål enn kor fint ein tykkjer eit talemål er. Difor kan ein ikkje jamføra resultatet frå (3) med resultatet frå (4), for dei har endra på fleire ting på ein gong. Kor som er, vart resultatet frå (4) at folk tykkjer målføret på staden dei sjølve kjem frå, er finast. Hadde desse haldningane hatt mykje å seia for språkendingar, då skulle me



venta at folk anten var konservative eller innovative i språkbruket, og ikkje at dei tok etter folk som tala andre målføre. Det rimar dåleg med språkendringsprosessane me ser i Noreg, og med di er dette endå eit teikn på at haldningar ikkje påverkar språkbruket, skriv Sandøy. Men dette er på nytt ein stråmann, for so langt eg veit er det vel heller ingen som har trutt det er venleiken som styrer språkutviklinga i landet.

Ein tredje variant av haldningane åt folk er dei umedvitne haldningane. Skal ein testa det, er ein vanleg praksis å bruka masketestar, dei kallar (Garrett 2010: 41–42, 53–87). Dei har gjort slike undersøkingar på Vestlandet, og etter Sandøy vart resultatet «at det ikkje kan lesast ut noko generelt mønster frå dei» (s. 91). Det er ikkje rett. Her byggjer Sandøy på Anderson & Bugge (2015), men dei fann eit fast drag i materialet sitt. Eit av talemåla dei har med i masketestane sine, er det dei kallar «East Norwegian with traits of [...] traditional lower class speech» (2015: 252). Det er ikkje heilt klårt kva slags talemål det er, men seinare nemner dei det «speech of the capital» (2015: 264). Difor får ein tru det er tale om bymålet, eller austkantmålet, i Oslo. Det faste draget dei fann, var dette: «The South Eastern Norwegian Central low variety is the one that stays on top in all the regional centres» (d.e. Molde, Bergen og Stavanger) (2015: 256). Det talemålet folk i alle desse byane umedvite tykte best om, var med andre ord bymålet i Oslo. Sandøy hevdar so at «vi heller ikkje greier å få dei lokale resultatata [frå masketestane] til å samsvare med tendensen i dei faktiske språkendingane» (s. 91). Det er heller ikkje rett. Alle nye språktrekk i Bergen og Stavanger samsvarar med språktrekka i Oslo (Nornes 2011: 114; Aasen 2011: 23–24, 98). I Molde, som er ein noko mindre by, ser språktrekka ut til å spreia seg frå den næraste storbyen Trondheim (Rød 2014: 131–132). Det er i samsvar med teorien me diskuterte i bolk 3.3 ovanfor, jf. òg Rød (2014: 130). Mange av dei språktrekka som er komne til Molde frå Trondheim, har fyrst kome til Trondheim frå Oslo (Hårstad 2010: 331–342).<sup>4</sup> Alt ihoplagt er det eit særst godt samsvar mellom utfallet av masketestane hjå Anderson & Bugge (2015) (og det ein får tru er dei umedvitne haldningane) og dei faktiske språkendingane me ser. Det same gode samsvaret mellom haldningar og språkendingar har me røynt frå andre kantar av landet (Stausland Johnsen 2015a,b). Trass i dette gode samsvaret kjem Sandøy til at «det er *uråd* å påvise ein klar og gjennomgåande samanheng» (s. 99).

Noko av grunnlaget for denne uvissa om kva haldningar har å seia for språkendingar, kan vera at dei ikkje har spurt etter dei avgjerande haldningane. Som diskutert i fyrste avsnittet i denne bolken talar me meir som dei me tykkjer vel om, dei me held for å vera gjæve. Men korkje spørsmålet i (3) eller (4) spør etter gjævleik. Spørsmål (3) spør etter kva *status* eit visst talemål har i landet, eller kor *høgsett* det er for landslyden, og spørsmål (4) spør etter kor *fint* dei tykkjer talemålet er. Då eg voks opp i ein søraustlandsk småby for tjue–tretti år sidan, var det tydeleg at det talemålet me tykte var gjævt, var austkantmålet i Oslo, og det var slik me ofte higa etter å tala. Samstundes er det greitt å sjå at det nettopp er austkantmålet som er opphavet åt dei nye språktrekka på Søraustlandet (Stausland Johnsen 2015b). Like fullt hadde ikkje eg svara «austkantmålet i Oslo» på nokon av spørsmåla i (3) eller (4), sidan eg aldri har trutt at dette talemålet har høg status i Noreg eller halde det for å vera særskilt fint. At ein ikkje får «austkantmålet i Oslo» til svar på (3) eller (4), er med di ikkje prov på at alle slags haldningar ikkje påverkar språkbruket, men heller at dei haldningane ein har spurt etter, ikkje gjer det.

## 4 Andre kapittelet – «Fonologi»

Dette andre kapittelet om fonologi på sidene 101–211 har Gjert Kristoffersen og Arne Torp skrive. Kapittelet har sju hovudbolkar, og for det meste har dei fordelt oppgåva slik at Torp har skrive om lydane og Kristoffersen om prosodien (d.e. trykk, lengd og intonasjon). Gjennomgangen av lydendingane freistar å fylgja kronologien, men sidan bolkanane om det segmentale står åtskilte frå det suprasegmentale, so vert det til at dei må hoppa litt att og fram i historia. På side 157 må til dømes Torp minna lesarane

4. Sidan språktrekka spreier seg frå Trondheim til Molde, so skulle ein venta at trondheimsmålet hadde kome best ut i masketesten frå Molde. Grunnen til at det like fullt er Oslo som kjem på toppen der, er nok at Anderson & Bugge (2015) ikkje hadde med trondheimsmål i eksperimentet sitt frå Molde.

på at det han skal skriva om der, hende før det som Kristoffersen gjekk igjennom i bolken før.

Kapittelet er noko prega av at forfattarane har hatt lyst til å seia noko ekstra om visse fenomen. Det har vel snautt stått like mykje om vokalharmoni (s. 128–131) eller jamning (s. 176–180) i liknande verk før. Det er likevel ikkje noko gale i det, for det har ikkje gått på kostnad av andre fenomen. I heilo er gjennomgangen av lydendringane i dette kapittelet god, men eg tykkjer like fullt det er for mange mistak og skeive framstillingar av lydendringane. Det er ikkje rom til å gå inn på alle mistaka her, men nedanfor skal eg nemna somme av motlegga mine.

## 4.1 Gamalnorsk språkhistorie

Mykje av det me må kalla mistak om lydtilhøva i gamalnorsk, er slikt som strid med hovudoppslagsverka me har for urnordisk grammatikk (Krause 1971), gamalnorsk grammatikk (Noreen 1923), (gamal)norsk etymologi (Bjorvand & Lindeman 2007), gamalnorsk ordtilfang (Heggstad mfl. 2008) og (gamal)norsk språkhistorie (Seip 1971; Indrebø 2001).

Døme på slike mistak er det når Kristoffersen skriv at «ord med konsonantgruppe etter vokalen [...] har alltid kort vokal» (s. 111), når det er ei mengd ord i gamalnorsk som har lang vokal føre konsonantgrupper: *fífl*, *fóstr*, *hóns*, *júgr*, *sýsl*, *vánder* osv. På neste sida skriv han so at «ord som *akr* og *vápn* er avvikende [...] som et resultat av at en tidligere vokal mellom de to konsonantene er blitt synkopert». Men det er ingen vokal som har vorte synkopert mellom konsonantane i desse orda (Bjorvand & Lindeman 2007: 1344, 1373).

Det er elles somme mistak i dei urnordiske formene Torp rekonstruerer, som når substantivet *geirr* er rekonstruert *\*gairar* (s. 138) for rett *\*gairar* (Bjorvand & Lindeman 2007: 350, 1122). På side 121 er dei gamalislandske formene *há* 'há' og *fár* 'fár' rekonstruerte *\*hanhar* og *\*fanhir* i urnordisk, men dei må ha vore *\*hāhar* og *\*fāhir*, sidan sekvensen *\*-Vnh-* vert til *\*-Ṽh-* alt i urgermansk (Streitberg 1896: 76; Noreen 1923: 46). Den gamalnorske dativen *ströndu* kan ikkje koma frå urnordisk *\*strandō* (s. 120), sidan trykklett *\*-ō* i utlyd gjev gamalnorsk *-a*, slik det er framlagt rett på side 115 og 117 (Noreen 1923: 118–119).

### 4.1.1 Urnordiske stavingar

Framlegginga av stavingsstrukturen i urnordisk synest vera noko skeiv når Kristoffersen skriv dette:

En annen viktig endring er at gammelnorsk etter synkopen tillater det vi skal kalle lette enstavelsesord, som bestod av kort vokal pluss kort konsonant [...]. Denne typen ser ut til å ha vært på det nærmeste ikke-eksisterende i urnordisk [...] (s. 112, mi utmerking).

Noko liknande kjem opp på side 146 òg, der det står at eit «resultat av synkopen» var «de lette enstavelsesordene». Dette er ikkje rett. Det er ei rekkje ord av dette slaget som er kjende frå urnordiske runeinnskrifter, slik som pronomena *ek* 'eg', *me* 'meg' og *þat* 'det', preposisjonen *an* 'på', adverbet *þar* 'der', verba *gaf* 'gav', *kam* 'kom', *was* 'var', *nam* 'tok' og mange andre (Krause 1971). Frå dei gamalnorske formene kan me òg med visse rekonstruera mange urnordiske ord på ei kort staving som ikkje er kjende frå runeinnskrifter, mellom anna imperativformer som *\*ber* 'ber', *\*drep* 'drep', *\*far* 'far' osv. (Krause 1971: 126).

### 4.1.2 Utviklinga av tonelag

Kan henda det mest kjende trekket i norsk (og svensk) fonologi er at me kan bruka tonelaget til å skilja mellom ord, slik som i *henðar* (fleirtal av *ei hand*) – *henðar* (presens av *å henda*) og *læiþæn* (bunden form av *ein leik*) – *læiþæn* (leiksam). Beint imot det som er vanleg å tru (Oftedal 1952: 220–221; Riad 1998: 65–66), seier Kristoffersen i dette kapittelet at tonelaget ikkje kunne brukast til å skilja mellom ord i korkje gamalnorsk eller gamalsvensk (s. 112, 148, 155). Det er eit uvanleg syn på språkhistoria, og difor burde Kristoffersen ha kome inn på korleis det er han meiner dei skilde mellom *leikinn* 'gamanet' og *leikinn* 'leiksam' på gamalnorsk, om det ikkje var ved hjelp av tonelaget.

### 4.1.3 Omlyd

Noko av det som særmerkjer det gamalnorske språket mest, er omlydane, særleg *i-* og *u-*omlyden. Gjennomgangen av *i-*omlyden i dette kapittelet er grei nok, men Torp har ikkje fått med at diftongen \**eu*, eller *jú/jó* i gamalnorsk, får omlyd til *y*, jamvel om skiftet mellom *jú/jó* og *y* er eit av dei mest sentrale i språket.

Når det gjeld *u-*omlyden, skriv Torp, slik dei fleste gjer (sjå t.d. Spurkland 1989: 43; Barnes 2008: 39), at dei ikkje kunne ha ein trykkting *a* føre ein trykklett *u* i gamalnorsk (s. 120). Det er ikkje heilt rett. Korkje den etterhengde artikkelen *-nu(m)* eller det etterhengde pronomenet *-ðu* valdar *u-*omlyd (Haugen 2001: 74), og det tyder på at *u-*omlyden ikkje lenger var produktiv då desse orda vart hengde på vertsorda sine. Indrebø tidfester båe hendingane til enden av 1100-talet (2001: 89, 111).

Eit anna lite mistak om *u-*omlyden er det når Torp skriv at *æ* ikkje kan få *u-*omlyd, sidan han er oppkomen frå *i-*omlyden (s. 118–119). Men den vanlege læra er at sekvensen \**wi* valdar både *i-*omlyd og *u-*omlyd på ein trykkting \**a*, so at me får \**a* > \**æ* > *ø*. Det er mange døme på denne endringa, mellom anna *øx* < \**akwis*- 'øks', *ørr* < \**arwir*- 'arr' og *gørva* < \**garwijan*- 'gjera' (Noreen 1923: 72; Bjorvand & Lindeman 2007: 56, 366, 1357).

### 4.1.4 Lange konsonantar

På gamalnorsk skilde dei mellom korte og lange konsonantar, som i *meta* mot *metta*. Det same gjeld i enden av orda, so at *hol* og *sót* er noko anna enn *holl* og *sótt* (Hanssen mfl. 1975: 47; Spurkland 1989: 27). Mot denne vanlege læra hevdar Kristoffersen at gamalnorsk ikkje hadde lange konsonantar i enden av orda. I ord som *holl* og *sótt* er siste lyden berre «første delen av en lang konsonant», og denne konsonanten «forlenges» berre når ordet «ekspanderes til tostavellesord» (s. 110). Døma han legg fram på dette, er bøygde former av dei same orda. Nominativsforma *sótt* [so:t] har med di kort konsonant, men dativforma *sóttu* [so:ttu] har lang konsonant. Fylgja av dette er at det ikkje kan vera nokon skilnad i uttalen av orda *sót* og *sótt* på gamalnorsk; dei lét båe [so:t].

Det Kristoffersen i praksis seier her, er at gamalnorsk hadde ein regel som sa at lange konsonantar vert forkorta i enden av orda. Det er ein velkjend regel frå andre nærskyldte mål som gamalhøgtysk (Braune 2004: 96). Men etter det eg kan sjå, finst det ingen teikn til at ein slik regel har golde i gamalnorsk:

1. I gamalhøgtyske handskrifter finn me sjeldan døme på doble konsonantar i enden av orda, noko som syner at konsonanten var kort. Etter bortfallet av endevokalen \**-u* i adjektivet *all* vert difor den sams grunnforma \**allu* skriven <al> i handskriftene (AWB 1: 96). Men i dei gamle norrøne handskriftene vert same forma støtt skriven <oll> med dobbel konsonant (Larsson 1891: 9–12; Holtsmark 1955: 14–19). Me skulle venta at det stod ein enkel konsonant i dei gamalnorske handskriftene òg, dersom dei hadde same lydregelen som det gamalhøgtyske talemålet hadde.
2. Det er ei lang rekkje former på gamalnorsk med lang konsonant i enden som ikkje kan «ekspanderes til tostavellesord», og det er einstavingsord som alt er bøygde. Med lydregelen til Kristoffersen i grunn må ordpar som *spát* – *spátt*, *fát* – *fátt* og *smát* – *smátt* låta heilt likt, der det fyrste ordet i kvart par er supinum av eit lint verb med stompn på *-á*, og det andre ordet er n.sg.nom./akk. av adjektiv med stompn på *-á*. Men korleis kunne dei som tala gamalnorsk skjøna at siste lyden i [fa:t] var «første delen av en lang konsonant» når det var eit adjektiv (d.e. *fátt*), men at han var heile konsonanten når det var eit verb (d.e. *fát*), om båe orda lét likt i alle høve? Sidan dei gamle handskriftene har skrivemåtane <fátt> og <smátt> for adjektiva (Larsson 1891: 83, 306), so må dei ha høyrte at konsonanten var lang, jamvel om han støtt stod i enden av eit einstavingsord.
3. Den einaste skilnaden mellom ord som *grát* og *grátt* i målføra i Indre Agder er lengda på siste konsonanten, som i åsdølmål *grát* – *grátt* (Seip 1915: 16, 34, 64, 67; Målføresynopsisen § 7, § 53). Opphavet til desse orda i gamalnorsken er *grát* og *grátt*, som etter lydregelen til Kristoffersen skulle ha låte likt i gamalnorsk: [gra:t]. Dersom det er rett, kvar kjem den lange konsonanten i *grátt* i desse målføra

- frå då? Den vanlege læra er at gamalnorsk skilde mellom kort og lang konsonant i enden av orda, eit skil målføra i Indre Agder har halde på etter lang vokal (Storm 1908: 66; Skjekkeland 1997: 39, 43).
4. I det norrøne versemålet drottkvætt er det ein regel at om eit substantiv eller adjektiv fyller den fjerde posisjonen i verselina etter ei trykklett staving, då lyt ordet vera kortstava, d.e. eit ord av slaget *hol* (Craigie 1900: 343–346; Kuhn 1937: 56). Langstava ord av slaget *land* og *sót* kan ikkje stå der. Men om lange konsonantar vert forkorta i enden av orda, slik Kristofferen hevdar, då må eit ord som *holl* ha same uttalen som *hol*, d.e. [hol]. Då må båe orda vera korte, og då skulle me venta at ord som *holl* var like gode som andre kortstava ord på denne plassen i verselina. Like fullt finst det mest ingen døme på det frå det store tilfanget med drottkvætt-vers (Myrvoll 2014: 276–278). Det syner at dei norrøne skaldane heldt ord som *holl* for å vera av eit anna slag enn dei kortstava orda, og at dei var for «tunge» til å stå på den plassen i verselina. Kva annan skilnad mellom *hol* og *holl* skulle det vera enn konsonantlengda?
  5. Til sist har me eit uvanleg godt vitnemål om korleis dei norrøne orda vart uttala i samtida, og det frå ein observant islandsk grammatikar på 1100-talet med norrønt til morsmål. I utgreiinga si om det fonologiske systemet i norrønt skriv han at orda *pl*, *hver*, *fús* og *skjót* er skilde frå *pll*, *hverr*, *fúss* og *skjótt* ved at endelyden i dei siste orda har «uttalen av to konsonantar», men i dei fyrste orda «uttalen av éin bokstav» (mine omsetjingar), og der uttalen av den enkle endelyden er «minka» i høve til den doble (Benediktsson 1972: 230, 244–246; Haugen 1972: 22, 30–32). Haugen kjem til at «There can be no doubt of his accuracy here» (1972: 46), og Benediktsson at «The testimony [...] is confirmed by all the other sources of evidence» (1972: 172).

Alt lagt i hop kunne me snauvt ha hatt betre prov for at eit daudt mål som gamalnorsk hadde ein lydleg og ordskiljande ulikskap mellom korte og lange konsonantar i enden av orda. Kristoffersen går ved at læra hans på dette punktet er «utradisjonell» (s. 110), men går ikkje inn på kva det er som talar for henne, eller korleis ein elles skal forklåra alt det som vitnar om eit skil i konsonantlengda.

## 4.2 Nynorsk språkhistorie

Til liks med gjennomgangen av den gamalnorske språkhistoria er det i gjennomgangen av den nynorske språkhistoria somme opplysningar som strid med hovudoppslagsverka for nynorsk, slik som *Norsk ordbok* for det nynorske ordtilfanget, Storm (1908) for nynorsk lydlære og Christiansen ([1946–48]), Skjekkeland (1997) og *Målføresynopsisen* for målføremerke og variantar i dei nynorske målføra. Eit døme på det er når Torp skriv at det berre er i Telemark at spørjeordet *kva* endar med ein /t/ (s. 210), jamvel om *Norsk ordbok* og *Målføresynopsisen* syner at det er mange stader i landet der det ordet endar med /t/ (NO 6: 1327; *Målføresynopsisen* § 46).

### 4.2.1 Jamvekt

Eit fenomen som får uvant mykje merksemd i dette kapitlet, er *jamvekt*, særleg om det me kan kalla levande jamvekt, slik me finn det i Nord-Gudbrandsdalen (s. 181–184). I det målføret har jamvektsord som *viku* kort vokal og konsonant, og det *høyrest* som dei har jamt trykk på båe stavingane. Kristoffersen meiner moderne fonologiske teoriar ikkje kan akseptera ein idé om «jamt trykk» mellom stavingane. Difor meiner han at trykket må liggja fast på fyrste stavinga i desse orda med. So legg han fram at fyrste stavinga i jamvektsorda er for kort til å kunna bera heile intonasjonen i andre tonelaget, og noko av intonasjonen dregst med di over til andre stavinga. Når tonelaget vert bore fram på båe stavingane, då *høyrest* det som båe stavingane har likt trykk. Dette er ein god hypotese, og det kan vera mykje i det.

Men på dette punktet kunne Kristoffersen ha vore noko raustare med føregangarane sine. Idéen om «jamt trykk» kjem nok frå Storm (1908), og i dette kapitlet ordlegg Kristoffersen seg som at Storm tok i miss. Men det har mykje på seg å skjønna skilnaden mellom *kva* Storm legg i «trykk», og *kva* Kristoffersen legg i det. For Storm er trykk noko fysisk og konkret (1908: 37), men for Kristoffersen er det mentalt og

abstrakt (s. 182). I røynda er Kristoffersen samd med Storm, for baa to held desse orda for å verta *uttala* slik at me høyrer dei med jamt trykk. Men Kristoffersen held dette berre for eit uttalefenomen, for ordforma i hugen – den mentale førestillinga av ordet – har berre trykk på fyrste stavinga, skriv han. Me lyt hugsa på at Storm, og andre språkforskarar på den tida, ikkje hadde noka førestilling om slike «underliggjande» ordformer i hugen. Difor er skilnaden mellom Storm og Kristoffersen berre den at Storm meiner jamvektsorda *har* jamt trykk, og Kristoffersen at dei *synest* ha jamt trykk, og den skilnaden grunnar seg berre på at dei legg to ulike ting i omgrepet *trykk*.

Sjølve grunnidéen frå Kristoffersen om at det ikkje er «plass» nok til intonasjonen i andre tonelaget på ei kort staving, er god, men her burde han ha nemnt føregangaren sin, Helga Horne, som har den same tanken (1917: 18). På dette punktet fører hypotesen frå Kristoffersen til ein grei spådom. Fyrst må me hugsa på at det som skal til for å bera ein tone, er at lyden er stemd. I eit jamvektsord som *på'så* er det berre dei stemde lydane *å-å* som ber tonelaget; dei ustemde lydane *p-s* er utan tone. Det er med andre ord ikkje det at *stavinga* er kort som gjer at det ikkje vert nok plass til intonasjonen i fyrste stavinga, men heller det at det ikkje er nok sonore lydar der. Den fyrste *å*-en er med andre ord for kort til å bera heile intonasjonen i andre tonelaget, og noko av intonasjonen dregst då over til den andre *å*-en. Ei fylgje frå denne hypotesen er at det ikkje skal ha noko å seia kor mange ustemde lydar det er *mellom* dei stemde lydane. Tonelaget må i alle høve venta til det kjem ein ny stemd lyd før det kan berast fram. Spådomen frå hypotesen til Kristoffersen vert med di at eit ord som *kasta* skulle hatt jamvekt òg, sidan dei einaste lydane som kan bera intonasjonen i det ordet er dei korte vokalane *a-a*, akkurat som tilfellet er med vokalane *å-å* i jamvektsordet *på'så*. Men som kjent er, har ikkje ord av slaget *kasta* jamvekt, utan at det er noko i læra til Kristoffersen som gjer greie for kvifor dei ikkje har det.

#### 4.2.2 Trykk

Kristoffersen legg fram ein interessant hypotese om korleis trykket vert lagt på norsk. Det er at trykket må liggja på ei av dei tre siste stavingane i ordet, jamvel om det ikkje synest å finnast klåre reglar for just kva staving det vert (s. 152–154). Men det mest bisnelege i denne framstillinga er korleis trykklegginga i austnorsk vert forklåra. Som kjent er, legg dei fleste austnorske målføra trykket på fyrste stavinga i flestalle orda, same om dei er lånord eller erveord (Skjekkeland 1997: 28). I eit austlandsk talemål som mitt er det med di ingen skilnad i trykk, lengd og intonasjon mellom eit lånord som *mettal* og eit erveord som *gammal*. Trass i at trykket ligg på fyrste stavinga i lånord av slaget *mettal*, so held Kristoffersen det like fullt for å liggja på siste stavinga i den underliggjande forma, og so er det ein lydregel som flytter det fram til fyrste stavinga (s. 156–157). Men sidan det ikkje er nokon skilnad mellom måten lånord som *mettal* og erveord som *gammal* vert uttala på, då skulle ein tru at erveorda må ha trykket på siste stavinga i den underliggjande forma òg. Kristoffersen trur likevel ikkje det, for ein annan stad i kapittelet (s. 184) skriv han at jamvektsord (som ordet *gamal* er, sjå Storm 1920: 49) har trykket på fyrste stavinga i den underliggjande forma (sjå bolk 4.2.1 ovanfor). Men spørsmålet no er: Korleis skal ein som talar austlandsk vita at ordet *mettal* har det «underliggjande» trykket på siste stavinga, men at ordet *gammal* har det på fyrste stavinga, når det ikkje er nokon ting som skil orda åt prosodisk? Kristoffersen kjem ikkje inn på det spørsmålet.

#### 4.2.3 Forkorting av overlange stavingar

Gamalnorsk hadde det me kallar *overlange stavingar*. Kristoffersen definerer stavingar av det slaget med at dei «kombinererte lang vokal med lang konsonant, den siste alltid /t/» (s. 142). Det er ikkje råd å lesa den definisjonen på anna vis enn at eit gamalnorsk ord som *nått* har ei overlange staving, men at ord som *grønn*, *stórr*, *íss*, *stóll*, *brjóst*, *sómd* og *gísl* ikkje har det, sidan ingen av dei har ein lang /t/, og i alle fall ikkje ord som *geymd* og *haust*, sidan dei korkje har lang vokal eller lang /t/. Dette synet strid mot den vanlege læra (Hanssen mfl. 1975: 47; Spurkland 1989: 27; Haugen 2001: 46), og difor er det underleg at Kristoffersen ikkje går nærare inn på dette. I staden viser han til Sandøy (1994) for denne definisjonen, men på

dette punktet fylgjer han i røynda ikkje Sandøy, for det Sandøy tek til ords for, er at gamalnorsk ikkje har overlange stavingar i det heile (1994: 233–237). Det gjer Sandøy av di han fylgjer ei lære som ikkje godtek at ei staving kan enda med ein lang konsonant (som i *hvas*) eller ei konsonantgruppe (som i *hvas*). For Sandøy har eit gamalnorsk ord som *sótt* tre stavingar, d.e. /so:tx.tx/, med to tomme stavingskjernar merkte med *x* (1994: 237). Men i norsk språkhistorieforskning er det ei so sær, og for dei fleste heilt ukjend, lære at Kristoffersen ikkje kan leggja henne til grunn og ikkje fortelja lesarane kva lære går ut på.

Kristoffersen skriv at nynorsk, anna enn setesdalsk, reduserer dei overlange stavingane til vanlege lange stavingar ved at den lange vokalen vert forkorta, som i *nátt* > *nátt*. Men ein lesar kjem til å undra seg når han so les at eit «nesten systematisk unntak fra dette mønsteret i moderne norsk» er i bøyingsformer av slaget «[<sup>2</sup>bre:k.tə] av infinitiven å *brēke*» (s. 143). Men forma *brēktə* har ikkje ein lang /t/, so det er ikkje lett å skjønna her kva lydsekvensen i *brēktə* skal vera eit unntak til. Her kan det synast som Kristoffersen ser bort frå korleis han definerte overlange stavingar før i same bolken, og heller fylgjer den vanlege lære me kjenner frå andre norske språkhistoriebøker.

Ugreia med framstillinga i denne bolken er at overlange stavingar ikkje har noko med konsonanten /t/ å gjera. Den vanlege definisjonen av ei overlang staving er ei staving med lang vokal eller diftong og der ein lang konsonant eller ei konsonantgruppe kjem etter.

#### 4.2.4 Den gamalnorske endinga -r i nynorsk

I ei utgreiing om stavingsstrukturen kjem Kristoffersen inn på korleis bøyingsendinga -r har utvikla seg i nynorsk når han stod etter ein konsonant i gamalnorsk. Her skriv han at «[i] østnorsk, trøndersk og nordnorsk finner vi imidlertid verken spor av konsonant [d.e. -r] eller innskuddsvokal» (s. 141). Men i røynda finn me mange spor etter både -r og innskotsvokal her, og det i somme av hovudkategoriane i grammatikken:

1. Fleirtalsendinga -r i hankjønns- og hokjønnsord er halden – med innskotsvokal – i all nordnorsk, mykje trøndsk og på mest heile Austlandet, som i gno. *bókr* > *bōkær*, *bōkar*, *bōkær* (Christiansen [1946–48]: 210–214; Skjekkeland 1997: 85, 145, 264).
2. Presensendinga -r i sterke verb er halden – med innskotsvokal – i mange av opplands- og romeriksmålføra, som i gno. *søfr* > *sōvør* (Skjekkeland 1997: 85, 174, 270).
3. I søraustnorsk og på flatbygdene nordetter har bøyingsendinga -r i m.sg.nom. falle i adjektivsuffikset -ótt, men leiver etter seg ein innskotsvokal, som i gno. *flekkótt* > *flēkkətə* (Kolsrud 1951: 47; Indrebø 2001: 116). I Odalen har attpåtil både innskotsvokalen og endinga -r halde seg i -ótt > -ətør (Ross 1907: 63; Jensen 1992: 147–196; Indrebø 2001: 226, 332).
4. I austlandsk og trøndsk er nominativsendinga -r halden i somme ord der stommen enda på ein konsonant. Me ser det oftast i ord der konsonanten har falle (som i *brúðr* > *brūr* og *bráðr* > *brār*), men somtid etter ein halden konsonant òg (som i *gýgr* > *jýgør*) (Skulerud 1922: 317, 402; Hoff 1946: 253; NO 1: 954, 1030; 4: 1095).

#### 4.2.5 Vokalutvikling i austlandsk

Bolk 6 er ein lang og god gjennomgang av vokalutviklinga frå gamalnorsk til nynorsk. Men når det gjeld den austnorske vokalen *ó* (eller /ø/ i IPA-skrifta som boka brukar), er det noko å stana opp for. Torp nemner denne lyden berre frå vesttelemålet (s. 161, 167), og då kjem nok ein lesar til å tru han er fåhøyrd på Austlandet. No er han i minsto vanleg i østerdalsmål òg (Storm 1908: 167; Kolsrud 1942: 27; Øverby 1974: 10), og det er ålmenn semje om at han har utvikla seg til *v* i mange andre austlandske målføre (Storm 1908: 160; Christiansen [1946–48]: 14–15; Skjekkeland 1997: 55). I desse målføre er *v* gjerne skild frå vokalen *ø*, som me kan sjå i ordskil som *svll* 'soll' – *søll* 'sølv' (Hoff 1946: 89). Ein vokal av slaget *ó* ~ *v* er med andre ord heller vanleg i austnorsk, og me finn han i mange målføre mellom Sør-Trøndelag i nord og Indre Østfold i sør. Torp ser ikkje ut til å vera klår over denne utbreiinga av *ó* ~ *v* i austnorsk,

for når han skal argumentera for at vokalen *ó* «må [...] elles ha vore vanleg også i austnorske mål», då viser han til at det er mange *svenske* målføre med *ó* ~ *v* (s. 167).

Når Torp går djupare inn i utviklinga av lyden *ó* frå gamalnorsk *o*, då legg han fram denne læra:

Før kvantitetsomlegginga var rett nok t.d. [ø] berre ein kombinatorisk allofon av /o/. I eldre austlandsk kunne det t.d. heite [lova] (< gno. *lofa* v.), men [køɾ] (< gno. *kol* n.) – dvs. aldri [ø] føre /v/ og aldri [o] føre /ɾ/ (s. 167).

Påstanden at gamal austlandsk ikkje kunne ha *ó* føre *v* og *á* føre *ɾ*, er ikkje rett. Eit grunnleggjande mistak i metoden her er at Torp jamfører eit jamvektsord (*lova*) med eit ikkje-jamvektsord (*kol*), og det kan ein aldri gjera når ein ser på austlandsk vokalutvikling. Torp seier ikkje kva målføre han byggjer påstanden sin på, men det kan mellom anna vera målføret i Tinn (austtelemål), der det heiter *lává* men *kóɾ* (Storm 1920: 2, 4; Skulerud 1938: 530, 587). Skilnaden mellom vokalane i desse orda har likevel ingenting med det å gjera at det eine ordet har *v* og det andre *ɾ*, men kjem av at *lova* er eit jamvektsord og *kol* ikkje er det. Når me jamfører to ikkje-jamvektsord som *lov* og *kol* i dette målføret, då ser me at båe har lik utvikling: *lôv* og *kôɾ* (Storm 1920: 4; Skulerud 1938: 530). Og når me jamfører to jamvektsord som *lova* og *kola*-, finn me det same: *lává* og *káɾá*- (Skulerud 1938: 584, 587). Akkurat den same utviklinga finn me i andre austlandske målføre. I Indre Østfold heiter det med di *lōv* og *lāvá* (Hoff 1946: 222; 1965: 366).

Men går me til andre austlandske målføre, kan me greitt finna døme på at den gamalnorske vokalen *o* har vorte til *ó* framfor *v* i både jamvektsord og ikkje-jamvektsord. I østerdalsk vert dei to orda ovanfor uttala *lōv* og *lōvó* (Storm 1908: 167; Kolsrud 1942: 32, 45; Øverby 1974: 10), og i Sør-Østfold vert dei uttala *lōv* og *lōvə* (Myhre 1952: 50, 88–90).

#### 4.2.6 Vokalutvikling i søraustnorsk

Seinare i same bolken kjem Torp inn på vokalane *e* og *æ* i søraustnorsk. I namnet «søraustnorsk» legg Torp i røynda den «danna daglegtalen i Oslo», for hovudkjelda hans er Brekke (1881), som er ei utgreiing om lyd læra i nettopp det talemålet. Om ein kan bruka dette talemålet til å representera ålmenn søraustnorsk, er eit spørsmål me kjem att til i bolk 9.3. Ugreia med gjennomgangen her er at Torp heile vegen talar om to vokalar når Brekke talar om tre. Fyrst går Torp inn på dei lange vokalane, der me finn denne utgreiinga:

Uttalen [ɛ:] har nok også vore den normale av *æ*-fonemet i søraustnorsk før ein fekk den noverande distribusjonen, som har oppstått ved at alle lange *æ*-ar som ikkje stod føre *r*, fall saman med *e* (s. 171).

Det er vel inga anna råd enn å lesa dette slik at den opphavlege skilnaden mellom dei to lydane var *ē* mot *ĕ*, og so fall *ĕ* i hop med *ē* i alle posisjonar anna enn føre *r*. Då må det tyda at målet held på skilet mellom verbet *sēr* og adjektivet *sĕr*, men elles berre får *ē*. Men det heiter ikkje *sĕr* i Oslo, det heiter *sēr*. Ugreia her er at Torp aldri nemner at Brekke skil mellom *tre* lydar: *ē*, *ĕ* og *æ*, der den siste berre står framfor *r* og retrofleksar (1881: 10). Det har med andre ord vore to fonem /*ē*/ og /*ĕ*/, der den siste har hatt to allofonar [*ĕ*] og [*æ*]. Allofonen [*ĕ*] fall so saman med /*ē*/ til [*ē*], men allofonen [*æ*] vart verande. Om ein ikkje kjenner vel til oslomålet frå før, er det diverre uråd å koma fram til dette utfallet frå det Torp skriv her.

Når me kjem til dei korte lydane, skriv Torp dette:

Når det gjeld kortvokalane *e* og *æ* i oslomål, [...] ser det ut til at det tradisjonelt har vore slik at [ɛ] og [æ] er fordelte allofonisk, slik at [æ] alltid står i stillinga føre /r/ og retrofleksar [...], mens [ɛ] har stått i alle andre stillingar [...] (s. 172).

Dette er ikkje rett. Kjelda er framleis Brekke (1881), men Torp ser på nytt bort frå at Brekke har tre, ikkje to, vokalar. Dei tre lydane er *e*, *ɛ* og *æ*, og Brekke skriv at det er ein trong kort *e* i dei norsk-danske orda

*kreps, pepper, bredde, fett* og namnet *Petter*, men ein open *ɛ* i *eple, tredve, settende, sletthet* og ord på *-ett*, som *billett, skjelett* og *kokett* (1881: 9, 27, 33–34, 38, 46, 54, 56). Sidan me finn både *e* og *ɛ* i same fonologiske posisjonen, tyder det at dei er ulike fonem. Med andre ord har me akkurat same høvet som ved dei lange lydane: Det er to fonem /*e*/ og /*ɛ*/, der den siste har hatt to allofonar [*e*] og [*æ*], med [*æ*] berre framfor *r* og retrofleksar. Men der dei lange lydane [*ē*] og [*ɛ̄*] fall saman i ein trong [*ē*], fell dei korte lydane [*e*] og [*ɛ*] saman i ein open [*e*]. Det skriv August Western berre få år etter Brekke:

[...] in der Kristiania-aussprache ist kurzes *e* im aussterben begriffen und wird durch halbwertes *ɛ* ersetzt [...]. Langes *e*. dagegen ist daselbst ein sehr üblicher laut, indem er [...] das lange *ɛ*. verdrängt hat, so dass hier von den zwei lautpaaren nur kurzes *ɛ* und langes *e*. überleben (1889: 263).

Sidan kort [*e*] og [*ɛ*] ikkje kunne stå i same fonologiske posisjonen som [*æ*], so fører samanfallet mellom [*e*] og [*ɛ*] til at me endar opp med berre eitt fonem /*e*/, som har uttalen [*æ*] framfor *r* og retrofleksar og [*ɛ*] elles. Desse tilhøva kjem diverre ikkje fram i bolken åt Torp, sidan han har gått ut ifrå at den danna daglegtalen i Oslo berre har hatt to «*e*-lydar», når han i røynda hadde tre.

### 4.3 Lydskrift og fonetiske nemningar

I denne boka vert orda transkriberte med den internasjonale lydskrifta IPA, der det lenge har vore ein tradisjon å skriva fonem mellom skråstrekar / / og den fonetiske attgjevinga mellom klammer [ ]. I dette kapitlet brukar Kristoffersen og Torp båe teikna i lydskrifta, men dei gjer ikkje greie for kva dei to ulike teikna skal tyda, og det er ikkje lett å sjå at det syner fram tradisjonen heller. Eit døme på det er når Kristoffersen på side 144 skriv den ubundne forma av *skin* i nordgudbrandsdalsk mellom skråstrekar, /*ʃɛ.n*/, men den bundne forma mellom klammer, [*ʃɛ.ne*]. Slike skifte mellom skråstrekar og klammer ser me no og då i dette kapitlet, utan at me får greie på kva det tyder.

Somme stader er det uklårt om dei formene som står mellom klammene, er meinte å vera fonetiske. På side 156, til dømes, transkriberer Kristoffersen austnorske ord som [*ʔfab.brik*] og [*ʔa.vi:s*]. Men lyden [*a*] er ein vestnorsk lyd. Han vert ikkje bruka i austnorsk, som har [*ɑ*] i staden (Storm 1908: 154–155). Sameleis står teiknet [*r*] for ein vibrant, ein uttale som er noko uvanleg i austnorsk og mest aldri høyrd i den posisjonen Kristoffersen har han i [*ʔfab.brik*]. I denne posisjonen høyrer ein stort sett berre [*r*], ein lyd som berre har eitt slag med tunga mot tannryggen. Til sist kan ein spørja seg kvifor Kristoffersen har med prikkar til teikn for stavingsskifte i det som skal vera fonetiske transkripsjonar. For som han sjølv skriv på side 111, er stavingsskifte ein abstraksjon, og noko me korkje kan høyra eller seia.

Det er lite å seia på den måten dei fonetiske nemningane er nytta på i dette kapitlet. Men når me kjem til dei retroflekse lydane, vert ting meir uklårt. I somme norske målføre skil dei mellom konsonantane i orda *sut*, *surt* og *gult*. I desse målføra er konsonanten i *sut* ein laminal alveolar, konsonanten i *surt* ein apikal alveolar og konsonanten i *gult* ein apikal postalveolar (Stausland Johnsen 2012). I lydskrift skriv me dei *sūt*, *sūṭ* og *gūṭ* (norsk lydskrift) eller /*su:t̚*/, /*sɯ:t̚*/ og /*gu:t̚*/ (IPA). Her er det om å gjera å vera klår over at namnet *retroleks* tyder det same som *apikal postalveolar* (IPA 1999: 8), som Torp òg skriv (s. 200). Det er ingenting å seia på måten han legg dette fram på, men so kjem det eit innskot der det vert vist til det fyrste kapitlet, «der dei laminalveolarane er omtalt som postalveolarar» (s. 200). Men det gjev ikkje god mening, for om ein lyd er alveolar, so er han alveolar – ein kan ikkje berre kalla han postalveolar i staden. På staden Torp viser til i det fyrste kapitlet, der skil Sandøy mellom «postalveolarar og retrofleksar», der postalveolaren er den me har i *surt*, og retrofleksen den me har i *gult* (s. 63). Men ein retrofleks er postalveolar, som nemnt ovanfor. Og ingen av dei er laminal alveolar, jamvel om det står både på side 63 og 200 at Sandøy legg det same i *postalveolar* som Torp gjer i *laminal alveolar*. Dette vert mykje ugreitt for ein lesar å skjønna. Det synest som at Sandøy legg noko anna i omgrepa *alveolar*, *postalveolar* og *retroleks* enn det Torp og IPA gjer, og det ser ikkje ut til at korkje Sandøy eller Torp har



greitt å få skil på kva den andre legg i nemningane sine. Utfallet vert at nemningsbruket ymsar, noko det ikkje bør gjera i eit oppslagsverk.

## 5 Tredje kapittelet – «Morfologi»

Det tredje kapittelet om morfologi på sidene 213–315 har Hans-Olav Enger og Philipp Conzett skrive. Kapittelet har seks hovudbolkar, der forfattarane har skrive annankvar bolk. Enger har skrive innleiinga og bolkane om pronomener og verb, og Conzett har skrive bolkane om substantiv, adjektiv og ordlagjing. I heilo er kapittelet godt og gjennomgangen god, men det er heller mange mistak og merke på eit leitt tilhøve som vert diskutert nærare i bolk 9.

Ulikt dei førre kapitla synest det vera fleire trykkfeil i dette kapittelet. I lista med ord på side 220 er orda i den siste rada ikkje rett tydde; det manglar lengdeteikn på vokalane i urnordiske ord på side 222 og 273; den gamalnorske forma *køstuðum* er feilstava *køstaðum* på side 257; den gamalnorske lange vokalen *é* er somtid skriven med aksent (s. 251) og somtid utan (s. 261); på side 274 er rekonstruksjonen av adjektivet *svart* feilstava *\*svarta-* (for rett *\*swarta-*), og mange stader manglar stjerneteiknet *\** ved dei rekonstruerte formene (t.d. s. 220, 231, 253, 305). Andre stader står slikt ein får tru er trykkfeil, som når det står på side 258 at gamalnorsk *fara* i 1.sg.pres.ind. er *ferr* (for rett *fer*), og på side 294 at suffikset *-semd* i gamalnorsk er framhaldet av *\*-ip* i urnordisk. Eit anna tilfelle ein får tru er ei gåløyse, er når det i bolken om pronomener ikkje er nemnt nokon stad kva dei gamalnorske formene av pronomenet *dei* var (s. 249–253). Det gjer det ugreitt å fylgja diskusjonen om ordet *dei* i nynorsk, sidan det vert vist til «den gammalnorske nominativen» og «en ikke-nominativ», utan at lesaren får vita kva dei var.

Men til liks med dei førre kapitla er det her òg mistak som går imot det me kan lesa i oppslagsverka. Her kjem nokre døme på det:

- Det gamalnorske ordet *tíð* vert rekonstruert fire gonger på sidene 230–231 til urnordisk *\*tīþi-* i staden for det rette *\*tīdi-* (Bjorvand & Lindeman 2007: 1147).
- I bolken om dei personlege pronomener står det at ein «klassisk skilnad» mellom vestnordisk og austnordisk er at «vestnordisk har *vér, mér*, mens østnordisk har *vit* i 1.pers. flt.» (s. 250). Men *vit* er totalsforma, ikkje fleirtalsforma. I dei austnordiske språka er fleirtalsforma *wī(r)* (Noreen 1904: 388–389; Brøndum-Nielsen 1965: 14), ikkje *vit*.
- I bolken «Nøytrum på *-er*» tek Conzett opp den innovasjonen at endinga *-er* vert nytta i fleirtal i inkjekjønnsord, og skriv at det er «vikværske og egdske kystmål der den nye klassen med endingar [d.e. *-er*] har vorte einerådande» (s. 248). Men det finst ikkje noko målføre i landet der det er tilfellet, noko målførebøker og *Målføresynopsisen* greitt fortel oss.
- På side 266 skriv Enger at verba *skrika*, *bry* og *fri* hadde «svak bøying i gammalnorsk». Men ingen av desse orda er kjende frå gamalnorsk tid (Heggstad mfl. 2008), so strengt teke er ikkje det noko me kan vita noko om. Både *bry* og *fri* er attåt lånord frå lågtysk (Torp 1919: 45, 135), so det er ikkje visst at dei fanst i norsk på den tida eingong.
- På side 273 skriv Conzett at det velkjende urnordiske mannsnamnet *Wōdurīdē* på Tune-steinen er ihopsett av orda *\*wōþur* og *\*rīþar*. Conzett seier ikkje kvifor han meiner runa for <d> står for /þ/ her, når me veit at den gamle runerekkja skil mellom konsonantane /d/ og /þ/. Oppslagsverka held namnet for å vera ihopsett av *\*wōdu-* og *\*rīda-* (Krause 1971: 46, 59). Jamført med nærskylde mål kan me greitt sjå at båe orda hadde *d* i urnordisk (Bjorvand & Lindeman 2007: 825, 881).
- Det linne verbet *svara* vert rekonstruert til urnordisk *\*andswarjanan* på side 285. Men infinitiven i urnordisk enda på *\*-an*, ikkje *\*-anan* (Noreen 1923: 221; Krause 1971: 125–128). Men ikkje *\*andswarjan* heller hadde gjeve gamalnorsk *svara*. Sekvensen *\*-rj-* etter ein kort vokal vert halden på, og med

*j*-omlyd hadde denne forma gjeve gamalnorsk *sverja*, som i røynda er eit anna ord. Sidan *svara* er eit *ō*-verb på gamalnorsk, so må den urnordiske forma ha vore *\*and(a)swarōn* (Bjorvand & Lindeman 2007: 1081).

## 5.1 Sterke verb i urnordisk og gamalnorsk

Sterke verb i gamalnorsk er merkte av mange lydvekslingar i bøyingane. På side 220 skriv Enger at det berre er avlyden som fører til lydveksling i dei urnordiske bøyingane, jamvel om ei av dei mest kjende lydvekslingane i dette språket var den «vernerske vekslinga» i sterke verb, der ustemde konsonantar veksla med stemde konsonantar, som skiftet mellom *\*þ* og *\*d* i 3.sg.pret.ind. *\*fanþ* mot 3.pl.pret.ind. *\*fundun* av verbet *\*finþan* 'finna' (Noreen 1923: 229–230).

I gamalnorsk vert dei sterke verba fordelte etter kva vokalskifte dei har i bøyinga. Enger skriv at «[d]et varierer hvor mange klasser av sterke verb en vil regne med, og vi stopper ved fem her» (s. 258), der dei fem klassane samsvarar med dei fyrste fem klassane i gamalnorske grammatikkar. Men alle gamalnorske grammatikkane eg kjenner til, fordeler verba i seks klassar, der den siste klassen har det mykje særmerkte vokalskiftet *a – ō – ā – a* (som *fara – fór – fóru – farinn*), eit vokalskifte som ikkje på nokon måte liknar vokalskiftet i dei andre klassane. Kvifor Enger like fullt vel å stana etter fem klassar, vert med di noko gåtefullt.

Eit av dei mest interessante og omdiskuterte fenomenene i bøyinga av gamalnorske verb er samanfallet mellom formene i 2. og 3.sg.pres.ind., der det ser ut til at forma frå 2.sg. er sett i staden for 3.sg. Enger diskuterer kort idéen om at forma i 3.sg. er lydrett likevel, men forkastar han og skriv dette:

Bjorvand (2010) har foreslått at det heller var en preferanse for enstavede entallsformer og tostavede flertallsformer av sterke verb i presens. 1. og 2.pers. ent. skulle lydrett bli enstavede i gammalnorsk, og har blitt det. 1. og 3.pers. flt. skulle lydrett bli tostavede i gammalnorsk, og det har de blitt, mens 2.pers. flt. etter dette framlegget er et resultat av analogisk omdannelse (s. 259).

For lesaren er dette ugreitt å skjøna. Grunnen til det er at Enger ikkje diskuterer nokon stad kva den lydrette forma i 3.sg. *skulle* ha vore, og med di vert det uklårt kva problem dette med einstava og tostava former skal løysa. Som sitatet ovanfor syner, vert ikkje 3.sg. nemnt i det heile, jamvel om det er den bøyingsendinga som er hovudemnet for diskusjonen, både hjå Bjorvand (2010) og Enger. Har ein ikkje lese artikkelen til Bjorvand, er det diverre uråd å skjøna forklåringa slik ho er attgjeven her.

Men det mest bisnelege i dette kapittelet er det Enger skriv her:

De fleste former for gammalnorsk (og all øynordisk) har spor av *i*-omlyd i presens, jf. inf. *fara* mot presens *ferr*. Det skiller gammalnorsk fra gammaldansk og gammalsvensk. Sørøstlandske (især vikkværske) målfører har likevel *ikke spor* av *i*-omlyd i dokumentene (s. 259, mi utmerking).

Dette kan ikkje vera rett. For det fyrste er det ei mengd døme med *i*-omlyd i presens av sterke verb i både gamalsvensk og gamaldansk (Noreen 1904: 472; Kock 1911–16: 135–139; Hansen 1962: 200–205; Brøndum-Nielsen 1973: 43–65). Kva grunnlaget er for å meina at det ikkje finst restar etter *i*-omlyd i gamal søraustnorsk, er uvisst, for ingen av dei kjeldene Enger viser til seinare på sida, seier noko slikt heller. Den som har granska gamal søraustnorsk mest, er Per Nyqvist Grøtvedt, både frå gamalnorsk tid og mellomnorsk tid. I granskinga si av søraustnorske handskrifter i perioden 1300–1350 (gamalnorsk) kjem han til denne konklusjonen: «De ikke omlydte former [i sterkt presens] har i denne tid neppe hatt noget almindelig omfang» (1939: 153). I granskinga si av Oslo-handskrifter i perioden 1350–1450 (mellomnorsk) finn han at «de omlydte sterke presensformer [hadde] overtaket også i sørøstno[rsk]» (1949: 98), og i den store undersøkinga si om søraustnorsk i same tidbolken (1350–1450) kjem han til at «[i] sg. av de sterke verb er slike omlydsformer [...] svært vanlige» (1974: 39). Det er tydeleg at dei

gamalsøraustnorske målføra ikkje kan ha skilt seg særleg frå dei vestnorske målføra på dette punktet (Seip 1971: 126–127, 245; Indrebø 2001: 134, 359).

## 5.2 Ymist manglar i morfologikapittelet

Jamvel om mangt av det som vert diskutert og gjennomgått i dette kapittelet, er både godt og velskrive, so sit ein att med inntrykket at det manglar noko. Bolken om substantivbøyinga er nok den som er mest heilsleg, men like fullt manglar det opplysningar om utviklinga av dei linne inkjekjønnsorda (*hjarta, auga* osv.). I ein fotnote på side 248 står det berre at dei ikkje er medtekne i dette kapittelet. Den velkjende og interessante kjensgjerninga at dei i mange målføra har fått same fleirtalsbøyinga som dei linne hokjønnsorda, burde likevel ha vore nemnd (Aasen 1864: 154; Beito 1954: 88, 104).

Bolken om verbbøyinga er noko mindre heilsleg. Den vidgjengde utjamninga av rotvokalen mellom bøyingsklassane i perfektum av dei sterke verba i nynorsk (Venås 1967: 361–363), som når gamalnorsk *skotit* (2. klassen) – *spunnit* (3.) – *borit* (4.) – *legit* (5.) – *farit* (6.) vert søraustnorsk *skōti* – *spōnni* – *bōri* – *lōggi* – *fōri*, vert ikkje nemnd anna enn med ein merknad at ein finn *vorit* attved *verit* i gamalnorsk (s. 265). Fenomenet at vokalen i desse formene vert lik vokalen i infinitiven (Venås 1967: 363–364), slik me ser i dei søraustnorske bymåla med *šj̄tə* – *šj̄ti*, *vinnə* – *vinni*, *detta* – *detti* og *liggə* – *liggi*, kjem heller ikkje fram på anna vis enn gjennom setninga «Det er ellers mye vanligere at vokalskifte i supinum utjamnes enn innføres, jf. sup. /syni/ (Oslo)» (s. 266). Om ein ikkje kjenner vel til fenomenet frå før, so er det ikkje lett å lesa or den setninga kva det dømet frå Oslo skal syna. Den velkjende innovasjonen at desse målføra har diftongen *-øy-* i preteritum i den andre bøyingsklassen (*brøyt*, *šøyt* osv.), er ikkje nemnd nokon stad i dette kapittelet, jamvel om det er ein innovasjon som har vorte diskutert mykje i norsk språkhistorieforskning.

Når det gjeld bolken om ordlaging, er det merkande at det står mest ingenting om ordlagingsmønstera før gamalnorsk tid. Grunnen til at forntida har mykje å seia her, er at ordlaginga frå den tida er det som har gjeve oss kjernen i ordtilfanget i dag. Har me ikkje skil på korleis orda vart laga på den tida, då skjønar me heller ikkje korleis orda våre heng i hop i dag. Noko av det aller eldste me har i målet vårt, og noko som er mykje bruka i ordlaginga, er avlyden. Dette fenomenet er ikkje nemnt her i det heile. Med di får me ikkje vita korleis verb som *taka* og *fara* heng i hop med adjektiva *tøk* ‘som kan takast’ og *før* ‘som kan farast’, korleis verba *bera* og *stela* heng i hop med substantiva *burd* ‘det å bera’ og *stuld* ‘det å stela’, eller korleis verba *bita* og *sviva* heng i hop med dei linne verba *beita* ‘få til å bita’ og *sveiva* ‘få til å sviva’. Språket vårt er enno fullt av slike samband, og difor er det synd å sjå at ingenting av dette kjem fram i denne boka. Det er rimeleg å tru at lesarane av ei språkhistoriebok hadde vore meir interesserte i å læra meir om slik ordlaging enn å få vita når suffikset *-oman* kom inn i norsk og korleis det vert nytta (s. 297, 303).

## 6 Fjerde kapittelet – «Syntaks»

Det fjerde kapittelet om syntaks på sidene 317–445 har Endre Mørck skrive åleine. Når det gjeld oppbyggingen av kapittelet, er dette det mest vellukka kapittelet i boka. Det er ein systematisk og mønstergild gjennomgang av emna, og det er rikeleg med tilvisingar til litteraturen der materialet og teoriane er henta frå. Når det gjeld desse sidene av kapittelet, kan det stå til mønster for korleis eit stykke i eit vitenskapleg oppslagsverk skal sjå ut.

Teorien Mørck fylgjer i dette kapittelet, er den som analyserer setningsstrukturen i åtskilte felt, og tanken er at dei ulike ordtypene står på visse faste plassar i desse felta. Gjennomgangen i kapittelet går for det meste ut på å syna kva slags ord som står på kva plass i kva felt, og korleis dette endrar seg gjennom språkhistoria. Om denne framstillinga gjer lesaren so mykje klokare på den norske ordfylgja enn ein annan teori hadde gjort, skal vera usagt.

## 6.1 Attgjevinga av gamalnorsk

I dette kapitlet følger Mørck det som har vorte ei slags ny norm i det siste, og det er å gjeva att gamalnorsken unormalisert og heller skriva han slik han står i tekstutgåvene. Eg har vanskar med å sjå kva vinning det ligg i den framgangsmåten. Ikkje får me vita korleis teksta faktisk er skriven i handskriftera (sjå s. 445), og ikkje får me sjå språket slik me er vane å sjå det i ordbøker og grammatikkar. I staden ligg attgjevinga ein laus og skiftande stad imellom, for kvar tekstutgåve som ligg til grunn her, følger gjerne sine eigne reglar for korleis dei vel å gjeva att teksta i handskriftene. Det er heller ingen stad i dette kapitlet der skilnaden mellom normalisert og unormalisert gamalnorsk vert bruka til noko. Det er lett å skjønna, for om eit ord vert skriva med <u> eller <v>, har ingenting med syntaksen å gjera.

På eit anna punkt har Mørck ikkje fylgt konvensjonen. I dei urnordiske, gamalnorske og mellomnorske setningane han gjev att, skriv han ikkje ord for ord kva dei tyder, men går beint frå setninga til ei fri omsetjing. Dei vala Mørck tek, gjer med andre ord at døma er vanskelege å lesa for dei som ikkje alt er røynde med å lesa urnordisk, unormalisert gamalnorsk og mellomnorsk.

## 6.2 Bygdemålstekster og grammatikken til Aasen

For norsk talemål og norsk grammatikk på 1800-talet finst det inga betre kjelde enn grammatikken til Ivar Aasen (1864). Enno i dag er dette eit av dei beste oppslagsverka for norsk grammatikk. Framfor alt gjeld det kapitlet om setningslæra (1864: 281–338), for elles i norsk målføregranskning har dei lagt mest vekt på lydverket og bøyingsverket, ikkje på syntaksen. Difor er det til å undrast på at Mørck ikkje har ei einaste tilvising til denne grammatikken i dette kapitlet. Det gjer at Mørck mange stader er nøydd til å gå over bekken etter vatn og leita fram frasar i gamle bygdemålstekster som Aasen longe har greitt klårt ut om. Døme på det er når Mørck går til bygdemålstekster frå 1700-talet og finn døme på dativformer av substantiv og fleirtalsbøyning av verb (s. 335–337), fenomen som Aasen greier ut om med mange empiriske døme (1864: 159–161, 224–225, 294–296, 303–304).

Andre stader har den manglande tilvisinga til Aasen gjort at framstillinga vert misvisande. Ein stad viser Mørck til at Indrebø har døme på at det bøyde verbet kan stå heilt sist i *som*-setningar på 1500-talet, og dreg so fram at «det eneste relevante eksemplet på dette i bygdemålstekstene fra den tida [ser] ut til å være en relativsetning som har objektet på plassen til det utelatte subjektet og såleis får det finitte verbet til slutt» (s. 362). Men Aasen nemner ei rekkje *som*-setningar utan objekt som illustrerer dette fenomenet, som «alle dei, som inne våre» og «den, som hava skal». Aasen legg det fram i ein ålmenn regel for norsk grammatikk at det bøyde verbet kan setjast sist her (1864: 316–317). Når dette er framlagt i ein påliteleg omtale av norske bygdemål, so er det ikkje greitt å sjå kvifor det skal ha noko å seia at det er vanskeleg å finna slike setningar i det vesle tilfanget me har av bygdemålstekster frå den tida.

Ein annan stad skriv Mørck om dei formelle subjekta *det* og *der*, og skriv at «vi i tidlig moderne norsk fortsatt [kan] finne slike konstruksjoner med definitt potensielt subjekt», med setningar frå fyrste halvta av 1700-talet (s. 406). Men i norske bygdemål har denne ordlegginga vore vanleg fram til i dag (Aasen 1864: 286; Heggstad 1931: 172), som i «Det kom store flokkane med sauer». Ordboka til Aasen er òg full av setningar med den konstruksjonen (Aasen 1873). Det vert misvisande å skriva at me «fortsatt» kan finna ei viss ordlegging tidleg på 1700-talet når same ordlegginga står i grammatikkar for samtidsmål på 1800- og 1900-talet.

Eit anna og større spørsmål er i kor stor grad me kan lita på at det som står i desse bygdemålstekstene, speglar att det faktiske talemålet på den tida. Dei som skreiv norsk i dansketida, hadde inga anna retningsline å fylgja enn det danske skriftspråket, det var sjeldan noko mål for dei å syna fram faktisk norsk språkbruk, og det var ikkje støtt dei kunne det norske språket dei skreiv på særleg vel heller. Difor finn me både mange mistak og danske innslag i desse bygdemålstekstene (Dalen & Hagland 1985: 13–15; Venås 1990: 22–23, 32–33; Indrebø 2001: 327–328). Som Indrebø seier: «I syntaks retta sume seg hosta drjukt etter latin–tysk–dansk. [...] Det er soleis naudsynt å lesa både tekstene og ord-uppskriftene

med kritikk» (2001: 327–328). Mørck uttrykkjer ingen slike reservasjonar. Ein kan ikkje tvila på at Mørck hadde stått på tryggare grunn om han hadde støtt seg på grammatikken til Aasen, ikkje berre av di Aasen var ein framifrå språkforskar, men òg av di han bygde på det folk faktisk sa.

## 7 Femte kapittelet – «Ordforrådet»

Tor Erik Jenstad har skrivne det femte kapittelet (s. 447–509) om ordtilfanget åleine. I hovudsaka er kapittelet ein gjennomgang av lånorda i norsk, og ser nøye på kva slags ord som vert lånte, kvar lånorda kjem frå og kva lånorda har å seia for ordtilfanget vårt. Gjennomgangen er tradisjonell og grei nok, men gjennom heile kapittelet tykkjer eg det vert gjort for lite ut av den kjensgjerninga at dansk har hatt ovleg mykje å seia for endringar i det norske ordtilfanget, særleg i den siste tida gjennom det norsk-danske bokmålet. Etter tradisjonen legg Jenstad heller vekt på at me har so mange lånord frå tysk, og at lånorda fyrst og fremst er for ting me ikkje alt hadde ord for, men eg held ingen av desse tilhøva for å vera so sterke som Jenstad gjerne skal ha dei til.

### 7.1 Kva ord vert lånte?

Jenstad har rett i at det skal meir til å låna inn ord som høyrer til det «grunnleggjande ordforrådet» eller ord i stengde ordklassar (som pronomen og preposisjonar) enn det gjer for andre typar ord (s. 454–455). Men Jenstad nemner ikkje at norsk nettopp *har* lånt inn mange slike ord, noko som syner kor sterk påverknaden frå grannemåla våre har vore. Det gjeld mellom anna pronomenet *vi* og preposisjonen *over*, som helst er innlånte ord (Bjørvand & Lindeman 2007: 834, 1300).<sup>5</sup> Jenstad nemner verbet *eta* for eit av desse orda som er «mest mostandsdyktig mot lån» (s. 455), men seier ikkje noko om at nettopp dette ordet vert utskift med lånordet *spise* no om dagane.

På side 482 tykkjer Jenstad det er «påfallande» at ordet *baby* er lånt inn i norsk, av di det «er uvanleg at ein importerer ord for noko som høyrer så markert til den private sfæren». Men nettopp på dette området har me ei lang rad lånte ord og former. Om me held oss til søraustnorsk, er *barn*, *voksen*, *sønn*, *datter*, *fedre*, *mødre*, *brødre*, *fetter*, *kusine*, *tante*, *onkel*, *nevø*, *niese*, *svoger*, *sviger-(far/mor)*, *olde-(far/mor)*, *grand-(onkel/tante)*, *slekt* og *familie* alle lånte.<sup>6</sup> Når det gjeld ord for skyldfolk, er det snarare regelen enn unnataket at dei er lånte.

I bolken om lågtyske lånord får det mykje omtale at slike ord er komne inn for «nye handverk», «nye varer» og «nye reiskapar» (s. 470). Men det som er merkande med dei mange lågtyske orda i norsk, er at dei stort sett ikkje er for nye ting og fenomen, men heller for grunnleggjande ord i kvardagslivet. Det kjem vèl fram i den innramma ruta på side 471, der det er lista opp ord av dette slaget, som til dømes *måte*, *fri*, *bruka* og *alltid*. Men ingen stad i teksta viser Jenstad til denne ruta. Det hadde vore ei rettare framstilling av den norske språkhistoria om desse orda hadde vore hovudsaka i teksta, i staden for at det vert remsa opp snikkarord og kjøpmannsord frå lågtysk.

5. Jenstad skriv rett nok lenger ut i kapittelet at pronomenet *jeg* har «komme inn via dansk skriftspråk» (s. 487), men det er det urimeleg å tru. Den vikværske forma *jæ/jæi* lyt henga saman med formene *jæ/jæi*, *jâ* og *jā* i båhuslensk, dalslandsk og midvermlandsk (Noreen 1877: 80; Lindberg 1906: i, 32, 159; Noreen 1917–43: 13, 32, 40). Desse formene kan ikkje berre ha slumpa til å likjast på båe sidene av landegrensa, og hadde *jeg* kome frå det danske skriftspråket, då skulle me venta å finna restar etter det norske *eg* i same området, men noko slikt finst ikkje. Difor må denne forma ha spreitt seg frå svensk inn i søraustnorsk for lenge sidan. Forma *jē/jēg* på Romerike og nordetter svarar til *jē/jēg* i nord-vermlandsk, herjedalsk og jamtlandsk, og kan koma frå Sverige med, men det kan òg vera lydrett utvikling frå gamalnorsk *ek* (Noreen 1879: 53; Hægstad 1913: 67).

6. Ordet *barn* finst rett nok i nedervd søraustlandsk, men då har det forma *bān*, er heller sjeldhøyrte og tyder helst 'småunge, nyfødning'. Den nye forma *bān* med den ålmenne tydinga 'unge, avkjøme' er lånt frå dansk skriftspråk. Fleirtalsformene *fedre*, *mødre* og *brødre* er òg lånte frå dansk skriftspråk (Beito 1942: 112–114). Sjå Bjørvand & Lindeman (2007: 170, 1110, 1324) for *voksen*, *sønn* og *datter*.

## 7.2 Korleis kjem lånorda inn i norsk?

Det Jenstad ser nøye på i dette kapittelet, er kva talemål lånorda opphavleg kjem frå. Men det tyder ikkje at eit visst lånord i norsk er kome direkte frå det språket det har opphavet sitt i. Både drykken og ordet *te* kjem frå Kina, til dømes, men det seier seg sjølv at ingen av dei er kome hit beine vegen derifrå. I røynda har ordet vandra gjennom talemåla før det nådde oss, og me har fått det frå eit nærskylt språk. Kvar norsk har fått lånorda sine frå, og korleis me fekk dei, det er spørsmål Jenstad snautt tek opp i dette kapittelet. Men i ei språkhistoriebok burde det ha vore hovudsaka, for det er svaret på desse spørsmåla som seier oss mest om språktilhøva i landet vårt. Me lærer lite om språktilhøva i Noreg av å vita at ordet *te* opphavleg kjem frå eit kinesisk språk – me lærer meir av å vita kva folk det var som gav oss ordet.

Dette er eit spørsmål som har mykje på seg når det gjeld dei lågtyske lånorda i norsk. I lærebøker kan me stort sett lesa om kor sterk påverknaden frå nordtyskarane var i hansatida, og kor mange lånord me fekk frå talemålet deira. Ivar Aasen og Gustav Indrebø nyanserer denne framstillinga noko, og dei peikar på to kjensgjerningar. Fyrst, i hansatida hadde det norske skriftspråket langt færre lågtyske ord enn det danske og svenske. Dinest, dei fleste lågtyske lånorda i norsk er innkomne etter hansatida frå det danske skriftspråket, som rådde i Noreg etter at det norske skriftspråket var gått under (Aasen 1864: 369, 371; Indrebø 2001: 164). Jenstad går ikkje mykje inn på dette spørsmålet, men viser til Torp & Vikør (2014) og skriv at det «nok [er] ein kombinasjon særleg av dansk og lågtysk påverknad» (s. 470). Men Aasen og Indrebø har fulla heilt rett her. Mange ord er nok kome direkte frå lågtysk, men dei fleste er kome inn frå dansk etter at hansatida var over. Me skal sjå korleis det viser seg med døme frå eit østfoldmålføre.

I 1780 gav den danske presten Jacob Nicolai Wilse ut ei lita ordbok med ord frå Indre Østfold, same plassen eg sjølv er oppvaksen. I den boka har eg funne minst 150 ord som hadde vike for tyske ord då eg voks opp. Eit lite utval av desse orda er oppførte i tabell 1, og attved kvart ordet frå 1780 har eg ført opp det ordet eg meiner eg ville ha sagt i staden i ungdomstida mi. Det som slår ein når ein ser orda frå 1780, er kor «kavnorske» dei er. Av dei orda som er kome i staden, har alle eit opphav i lågtysk (ei to–tre kan henda i høgtysk). Dette er ei utskifting som har halde ved. Då eg voks opp i Indre Østfold, la eg merke til at dei gamle sa ting som *handyvle*, *logn*, *mål*, *tala*, *taum* og *vemlemaga*, der eg og venene mine hadde lågtyske ord som *bestikk*, *stille*, *stemme*, *snakke*, *snor* og *kvalm*.

Frå desse døma kan ein lett sjå at målføret i Indre Østfold har vorte «overfløymt» med lågtyske ord etter 1800 og fram til i dag, jamvel om det er mange hundre år sidan hansatida var over. Difor må kjelda for alle desse nye orda vera dansken. Denne korte gjennomgangen syner ikkje berre at sær mange – og kan henda dei fleste – av dei lågtyske orda i norsk er kome inn frå dansk, men det syner òg at det på langt nær var so mange lågtyske lånord i dei norske bygdemåla som mange språkforskarar skal ha det til. Det er fyrst og fremst i dei siste generasjonane at so mange lågtyske og danske ord er kome inn, og so mange norske ord er gått bort. Det er det danske språket i Noreg som har valda dette omskiftet. Når me ser kor mykje dansk har påverka det norske ordtilfanget, so kan det synast noko underleg at Jenstad skriv meir om lånord frå arabisk (s. 491–492) enn han gjer om lånord frå dansk (s. 487–488). Ein rettare omtale av det tilhøvet har Alf Hellevik i ein kort artikkel om lånord frå dansk og svensk:

Den *danske* påverknaden på norsk har som alle veit vore så stor at det ville vere halslaus gjerning å seie noko fornuftig om den i ein kort artikkel. Ordet “påverknad” er elles i den samanhengen ein evfemisme (1971: 37).

## 7.3 Utskifting av ordtilfanget frå bokmål

Det eg held for å vera den største språkendinga i nynorsk tid, er utskiftinga av det gamle ordtilfanget. Vel 150 år etter at ordboka til Wilse kom ut (sjå bolk 7.2), rekna Ingeborg Hoff at på lag 35 % av orda der var ukjende på same staden då (1946: 9). Og, legg ho til, talet var mykje høgre for dei unge. I dag reknar

1780	2000	1780	2000
atal	slem	ovleg	veldig
avug	feil	råka	ramme
bate	fordel	sams	enig
brok	bukse	skirfløytt	oversvømt
byrg	stolt	skrømt	spøkelse
byrja	begynne	skyld	i slekt med
finnast åt	gjøre narr av	snøgg	rask
frakk	flink	snåva	snuble
fåtidsam	nysgjerrig	sod	suppe
gild	fin	sovoren	sånn
gjenverdug	motvillig	stundtrøyten	rastløs
grann	nøye	stutt	kort
hegd	måtehold	sveig	fuktig
holma	omringe	triven	flittig
hål	glatt	ugjerast	forfalle
illhugsen	bekymra	uheppe	ulykke
ilske	sinne	vanta	mangle
kring	rundt	verfar	svigerfar
kvar	stille	von	håp
let	farge	vyrdlaus	uforsiktig
lettbærleg	håndterlig	øksel	svulst
lund	hofte	åt	kreft
meta	bry seg om	åtgjerd	behandling
måg	svigersønn	åtlei	anledning
næming	lærling	åtnøya	tilfredsstille

Tabell 1: Lågtyske lånord i Indre Østfold

eg at minst 70 % av orda hjå Wilse er gått or bruk. Spørsmåla no er kvifor ordtilfanget har vorte utskift i so stor grad, og kvar det nye tilfanget kjem frå.

Jenstad går med på at det har vore ein «kulturhistorisk revolusjon» i ordtilfanget dei siste generasjonane (s. 499). Det som har ført til denne revolusjonen, er «utjamninga av ordforrådet i dialektane», skriv Jenstad, og at «[t]radisjonelt sterke ordgeografiske grenser blir såleis meir eller mindre utviska». Men om ordtilfanget i eit målføre vert utskift når dei ordskilnadene som finst mellom målføra, vert utviska, då lyt det ha vore store skilnader i ordtilfanget mellom grannemålføra fyrst, so at mange ord i det eine målføret vert utbytte med orda i det andre. Om me ser på orda frå tabell 1 på nytt, so har me ord som *kvar*, *let*, *råka*, *sams*, *snåva*, *vanta* og *von*, ord som var heilt ukjende då eg voks opp i Indre Østfold. Men, alle desse orda (og dei fleste av dei andre i tabellen) var like fullt vanlege ord på heile Austlandet før (sjå NO). Om ei utvisking av ordskilnader mellom målføra er det som fører til utjamninga av ordtilfanget, då skulle me venta at slike ord vart berga, sidan alle målføra hadde dei sams. Sidan desse orda (og mange andre med) er borte no, so lyt det vera noko anna som ligg til grunn.

Grunnlaget for å tru at det har vore slike «sterke ordgeografiske grenser» i landet vårt, som Jenstad skriv, synest vera tynt. Ting tyder snarare på at det var tvert imot. Det er snautt noko anna individ som har granska det norske ordtilfanget so vel som Aasen, og han kjem til denne konklusjonen:

I Ordforraadet, eller i Brugen af selve Ordene, have Landskabsmaalene et meget større Fællesskab, saa at man neppe kan opvise nogen betydelig Samling af Ord, som skulde være særegne for et enkelt lidet Distrikt (1864: 356).

Aasen åtvarar òg mot å tru at eit ord berre er kjent frå éin stad i landet, for «det trøffer ofte til, at Ord, som synes kun at tilhøre et enkelt Landskab, dog vil findes at være meget videre bekjendt» (1864: 357; 1873: viii). Det er ei åtvaring fåe har ansa, for jamnast er det slik at dei mange utgjevne ordsamlingane med «særeigne ord» frå eitkvart bygdemålet i Noreg i røynda har ord som er vida kjende i landet vårt. I ein omtale av ei slik ordsamling skriv Joleik Øverby dette:

Orda i dialektane er sjeldan så lokalt avgrensa som somme har ein tendens til å tru, og dét er ei sanning som kanskje mange av oss kan ha godt av å bli mint om ein gong iblant (1995: 88).

Eit døme på ei slik misgjerd finn me i dette kapittelet òg. Jenstad skriv at uttrykket *avento*, frå det hollandske uttrykket *afen toe* 'takomtil', «berre [er] belagt frå Budalen i Sør-Trøndelag» (s. 475). Men akkurat det same uttrykket er kjent frå Indre Østfold (Wilse 1780: vi). Den noko omlaga varianten *aven og til* er kjend frå heile landet, i minsto frå Helgeland i nord til Stavanger i sørvest og Østfold i søraust, og alle stadene imellom (sjå m.a. Svendsen 1931: 35; Lundebø 1994: 262; Sørensen 2004: 16). Frå dette skjønar me at det ikkje er noko særskilt eller stadbunde med ordet *avento* i Budalen. Det er likt til at det ber seg åt sameleis med dei fleste orda som er heimfeste berre ein eller to plassar i landet, akkurat som Aasen skreiv.

Oppsummert må me spørja kor rett det kan vera at den store omveltinga i ordtilfanget kjem av at ordskilnadene mellom målføra har vorte utviska. Me får ei vitring om kva som heller ligg til grunn når me vender attende til ordsamlinga frå Wilse. I tabell 1 såg me ei rekkje norske ord som vart utskifte med ord frå lågtysk. Men langt nær alle utskiftingane er av dette slaget. Eg har funne snautt hundre tilfelle der eit gammalt norsk ord er utskift med eit ord frå *dansk*, og eit utval av desse orda er gjevne i tabell 2.

Det er heller ikkje slik at alle utskiftingane er med tyske og danske ord. I tabell 3 er det eit lite knippe ord der me har fått eit ord frå engelsk eller eitkvart romansk språk i staden (men i siste tilfellet nok gjennom dansken). Sistpå har me i tabell 4 ei noko større gruppe med ord der både ordet som er utgått og ordet som er innkome, ikkje er opphavleg norsk.

Som me ser, har ikkje orda i tabell 1–4 noko sams når det gjeld opphavsspråket åt dei orda som går ut eller kjem inn. Like fullt har alle orda i desse tabellane éin ting sams, og som røper kva det er som har



1780	2000	1780	2000
att	igjen	kvardag ( <i>hånn-</i> )	hverdag
blom	blomst	leiv	brød
dryg	drøy	lekke	lenke
eir	irr	lita	stole på
flos	skjell	lyda	lytte
gang	gjær	medan	mens
gard	gjerde	meinka	nekte
glas	vindu	okle	ankel
granne	nabo	raud	rød
heile	hjerne	raudna	rødme
heimkynne	hjemlengsel	rettleia	veilede
herdug	utholdende	romus	gavmild
hokken	hvem	skilder åt	fra hverandre
hovudspreng	hodepine	skilleg	tydelig
hugnad	glede	skuler	matavfall
hugsa	huske	spurlag	etterspørsel
inntelja	overtale	storleik	størrelse
jamte	ved siden av	trote	hevelse
jorta	drøvtygge	valen	frossen
kong	byll	veke	uke
krille	meslinger	ven	pen
kufta	løpe	Vintergata	Melkeveien
kva ( <i>hått</i> )	hva	uløyves	ulovlig

Tabell 2: Danske lånord i Indre Østfold

1780	2000	1780	2000
emne	materiale	gjerd	form
ferda	fikse	halvkor	alternativ
gjejn	direkte	skjere	kutt

Tabell 3: Romanske og engelske lånord i Indre Østfold

1780	2000	1780	2000
fordrag	tålmodighet	legervall	knipe
kans	mulighet	lekker	forsiktig
kaut	stolt	nauv	gjerrig
kiming	horisont	peisa	piske
krank	svak	prov	bevis
kvant	flink	skandera	ødelegge

Tabell 4: Gamle og nye lånord i Indre Østfold

styrt endringa: Alle orda som er gått ut, er ukjende eller lite bruka i det norsk-danske bokmålet, og alle orda som er innkomne, er vanlege bokmålsord. Det er med andre ord bokmålet som styrer utskiftinga av ordtilfanget i dei norske målføra, so at målføra meir eller mindre endar opp med det same ordtilfanget som i bokmål. Og sidan bokmålet kjem av det danske skriftspråket, so ser me i røynda ei avnorsking og fordansking av ordtilfanget.

Jamvel om det kan synast klårt at omveltinga av ordtilfanget vårt kjem av at bokmålsord kjem inn og trengjer dei gamle norske orda ut, so nemner ikkje Jenstad det nokon stad. Det næraste me kjem, er nokre uklåre setningar om at dette er ein lut i «urbaniseringa» av målføra, og at «lokale ord blir bytte direkte ut med standardnemninga» frå «standardnorsk» (s. 500). Men dette gjev god meining berre om bymåla og «standardnorsk» (eit omgrep Jenstad ikkje gjer greie for) har eit anna ordtilfang enn bygdemåla, utan at Jenstad kjem inn på kvifor dei skulle ha det. Som me ser i tabell 1–4, er ikkje dei orda som har gått ut, frå bondelivet, so når det gjeld sjølve orda, er det ingen openberr grunn til at bymålet og «standardnorsk» skulle ha andre nemningar. Men dei særigne sidene ved den norske språkhistoria gjer denne endringa skjønleg. Dei norske bygdemåla ættar frå gamalnorsken, og difor har dei fyrst og fremst eit norsk ordtilfang. Bokmålet ættar frå det danske skriftspråket, og difor har det stort sett eit dansk ordtilfang (og med langt fleire lågtyske lånord enn i norsk). Bokmåliseringa av ordtilfanget i målføra fører dimed til at ordtilfanget vert fordanska. Ein må spørja seg kvifor ikkje noko av dette kjem fram i eit kapittel om ordtilfanget i ei norsk spåkhistoriebok.

## 8 Sjette kapittelet – «Tekst og sjanger»

Det sjette kapittelet om skriftkunne og tekstsjangrar har fem forfattarar skrive i lag: Eva Maagerø, Jan Ragnar Hagland, Anders Johansen, Jørgen Magnus Sejersted og Aslaug Veum. Som alt nemnt i innleiinga, er det vanskeleg å sjå kva dette kapittelet gjer i denne boka, sidan det ikkje har noko med grammatikken å gjera. Difor skal eg ikkje bruka mykje plass på å omtala det her.

Det mest bisnelege med kapittelet er kva som ikkje står her. Fremst i bolken om «Tekstar og sjangrar fram til 1600», skriv Hagland at «[...] her skal vi [...] berre ha skriven tekst for auga». For jamvel om det finst ein munnleg litteratur òg, so «er det nødvendigvis som skrift vi no kjenner dei» (s. 521). Men kvifor er denne litteraturen like fullt ikkje medteken i dette kapittelet då? Frå denne tida er tekstsjangrar som skaldekvede, gudekvede, gudesegner, kjempekvede, kjempesegner og ordtøke berre kjende frå skriven tekst, og sidan denne bolken skal vera om skriven tekst, so burde dei vel ha fått plass i dette kapittelet? Det same gjeld for resten av kapittelet. Munnlege tekstsjangrar som folkeviser, gåter, rim, stev, ordtøke, eventyr og segner er ikkje nemnde eller medtekte, og me får ikkje vita grunnen til det. Særleg underleg er det at dette manglar i ei språkhistoriebok, for det er nettopp i denne munnlege litteraturen at det gøymer seg mykje materiale som språkforskarar har utnytta.

Gåtefullt er det òg at den norske teksthistoria i dette kapittelet byrjar på 1100-talet. Etter det Hagland skriv, er den «aller eldste teksten vi har bevart på norsk [...] frå om lag midten av 1100-talet» (s. 523). Men i røynda tok den (kjende) norske teksthistoria til tusen år før, med runeinnskrifta frå Øvre Stabu (Krause 1971: 176). Sameleis vert det misvisande når det står at «[d]ei eldste norske tekstane vi kjenner til, er altså kyrkjelege eller kristen-religiøse», sidan mest ingen av dei kjende tekstene før 1000-talet er om dei tinga. Forfattarane kjem ikkje inn på kvifor dei har sett bort frå halve teksthistoria vår i dette kapittelet. Det kan synast som at «tekst» her er definert til «det som står med latinske bokstavar på pergament», men eg har vanskar med å skjønna kvifor det skulle vera meir «tekst» enn det som står med runeteikn innhogne i ein stein.

## 9 Norsk og dansk i språkhistoria

Noko av det mest særmerkte med den norske språkhistoria, og samstundes det som gjer henne både interessant og komplisert, er at det er to utviklingslinjer: ei med opphav i norsk og ei med opphav i dansk. I mellomalderen rådde det norske målet i Noreg, både i skrift og tale. Det norske skriftspråket øyde ut på 1400- og 1500-talet, men vart atterreist på 1800-talet med Ivar Aasen. Det norske talemålet døyde aldri, men levde att i dei norske bygdemåla, som det atterreiste skriftspråket er tufta på. Det er den norske utviklingslina (Indrebø 2001).

Unionen med Danmark gjorde at det danske skriftspråket rådde fullt og heilt her til lands. Frå det danske skriftspråket i Noreg ættar bokmålet i dag. Embetsmennene og overklassen i Noreg var ofte dansk- og tala dansk òg. For nordmennene frå dei same sosiale laga galdt det då om å tala dansk, og dei enda opp med å tala ein norskprega dansk – mykje etter den danske skrifta og noko etter dei danske innfødde. Frå denne norskprega dansken ættar den norske høgtidstalen, eller det dei kallar «tala bokmål» i dag, og talemålet åt den norske overklassen i byane, det er den «danna daglegtalet». Dette er den danske utviklingslina (Larsen 1907; Seip 1916; Indrebø 2001).

Ingen av desse utviklingslinene er «reine». Gjennom samnorskpolitikken på 1900-talet vart det norske skriftspråket oppblanda med dansk ordtilfang og danske språktrekk. På den andre sida vart det danske skriftspråket fornorska, især i stavemåten. Når det gjeld talemålet, har folket langs kysten i Sør-Noreg hatt mykje samband med Danmark, og nokre danske språktrekk kom inn i bygdemåla deira på den måten. Andre danske og svenske språktrekk spreidde seg over landegrensa inn i bygdemåla på Sør-austlandet. Desse språktrekka har sidan breitt mykje om seg innetter i landet (Indrebø 2001: 245–247, 357–366). Handel og anna verksemd mellom dei norske byane og Danmark har òg ført mange danske språktrekk inn i dei norske bymåla, og frå bymåla har språktrekk alltid gått ut til bygdemåla. Den danna daglegtalet nemnd ovanfor har aldri vore reint dansk heller. Han har fyrst og fremst hatt danske ord og bøyingar uttala med norsk fonologi (Torp & Falk 1898: 2–3), og det gjer det lett å finna att mange norske språktrekk der. I Oslo har den danna daglegtalet so nær utkonkurrert bymålet, og no spreier mange danske språktrekk seg ut frå dette talemålet i Oslo til resten av landet (sjå bolk 3.4). Med di har dei norske talemåla vel aldri hatt mindre nedervt språktilfang enn dei har i dag, særleg når det gjeld ordtilfanget (sjå bolk 7), men òg mykje når det gjeld grammatikken. Alt ihoplagt må me kunna seia at det er den danske utviklingslina som har vore sterkest i Noreg dei siste generasjonane.

I norsk språkhistorieforskning har det vore viktig å få godt skil på desse utviklingslinene og korleis dei har påverka kvarandre. Somme forskarar har fokusert på den norske utviklingslina. Dei har lagt vekt på å vinna seg fram til den lydrette og regelrette utviklinga frå gamalnorsk til nynorsk og å kjenna det nye og framande materialet som ikkje rimar med denne utviklinga. Andre forskarar har samla seg om den danske utviklingslina. Her galdt det å syna korleis det danske språket i Noreg har teke opp i seg norske språktrekk, både i tale og skrift. På bae sidene meinte dei det var naudsynt å halda dei to utviklingslinene åtskilde i språkhistorieforskinga, sjå til dømes Hoff (1949: 139) for den norske utviklingslina og Torp & Falk (1898: 10) for den danske.

Når me veit kor viktig det er å få greie på desse utviklingslinene, og kor mykje omsut dei gamle språkforskarane har hatt for just det, so er det bisneleg at ingenting av dette er nemnt med eitt einaste ord i heile denne boka. Det hadde vore éin ting om det berre var slik at det ikkje kjem fram nokon stad at det er to utviklingslinjer i den norske språkhistoria, men det som gjer det ekstra merkande, er at dei mange stader i boka lèt det danske skriftspråket og det danskætta talemålet vera framstillinga av norske talemålstrekk. Det er mange døme på det i boka, og somme av dei skal eg gå nærare inn på nedanfor.

### 9.1 Genitiv i norsk

Ei vanleg lære i norsk grammatikk er at den gamle genitivsendinga *-s* er vorten eit klitikon som kan hengjast på heile setningslekkar, som i *Jeg er de som har mista lommeboka på gatas biskop* (Endresen & Si-

monsen 2000: 123). I denne boka legg både Conzett og Mørck det fram slik at genitiven lever att frå gamalnorsken, berre at bruket har gått frå å vera ei ekte kasusending til å verta eit slikt klitikon (s. 245, 420–421). Kvar gong Mørck vil syna fram eit syntaktisk fenomen som finst i nynorsk, leitar han fram døme frå gamle bygdemålstekster (sjå bolk 6.2). Men når det gjeld dette fenomenet, gjer han det ikkje. Her hentar han fram setningar frå dagboka til Absalon Pedersson i Bergen, som døydde i 1575. Men Absalon skreiv ikkje på norsk, han skreiv på dansk. Det finst rett nok mange norske innslag i denne dagboka, men «[s]proget er vistnok i det hele det 16. aarhundredes dansk» (Falk & Torp 1900: xvii), og difor brukar Falk & Torp genitivssetningar frå Absalon til døme på setningslæra i «ældre dansk» (1900: 44). Om Mørck likevel held genitivsbruket hjå Absalon for å vera eit norsk innslag, då burde han argumentera for det og helst syna at dette er eit kjent trekk frå norsk som ikkje fanst i dansk. Det gjer ikkje Mørck, og dette fenomenet er kjent frå dansk skriftspråk på den tida (Skautrup 1947: 201, 357). Dimed er det ingenting som skulle tyda på at desse setningane frå Absalon har noko med norske språktrekk å gjera. I det heile er det eit stort diskusjonsspørsmål om ein kan nytta dansk skriftspråk til å syna fram norske språktrekk, men det er eit spørsmål Mørck ikkje kjem inn på.

Det som burde vera hovudsaka i ein gjennomgang av historia åt genitiven i norsk, er om han lever att i talemålet i det heile, og i kva grad han gjer det. Det spørsmålet kjem korkje Conzett eller Mørck inn på. Men det burde vera kjent at «[n]orske bygdemål hev no att berre radt små restar av genitiv» (Indrebø 2001: 235) og «mest berre i gamle faste ordlag» (Heggstad 1931: 94) som *i dagsens tid, til heimsens ende, i annans manns hus, dette bel års* osv. (Aasen 1873). I nedervd ordlegging er det produktivt berre i nokre målføre i Agder og Telemark, som i *hatten Olavs og hesten Kjetils* (Aasen 1848: 197; Kolsrud 1951: 43; Torp 1973: 125, 138). Det er verdt å merka seg det Aasen skriv om genitiven i dei norske målføra:

De forskjellige gamle Genitiver [...] ere overalt bortfaldne [...]. Kun i S sammensætninger og visse Talemaader findes Spor [...] (1997: 174–175).

Genitiver [...] ere [...] i Almindelighed fremmede for Dagligtalen, som i disse Tilfælde udtrykker Genitiv ved en Omskrivning enten med en Præposition (til, aat, av) eller et tilføjet Pronomen (sin, hans, hennar) (1864: 163).

I nynorsk er genitiv eit reint skriftspråksfenomen (Indrebø 2001: 235), og «[r]øyynleg genitiv finst no ikkje lenger i norsk» (Vågslid 1955: 91). Den strukturen me finn i genitivsfrasar som *bygdas ordførar*, er eit heller nytt lån frå norsk-dansk (Torp 1973: 138–139). I ei norsk språkhistoriebok burde desse tinga ha vore nemnde.

## 9.2 Norsk eller norsk-dansk språkhistorie?

Når det gjeld grunnen til at bortfallet av genitiv i norsk ikkje vert nemnt i denne boka, so er det lett å tru det er av di han ikkje er bortkomen i det norsk-danske bokmålet. For mange stader i boka synest det vera slik at dette er ei språkhistorie for norsk-dansken og ikkje for norsken. So langt som råd freistar forfattarane å greia ut om ting som er sams for både det nynorske og det norsk-danske skriftspråket, og til det brukar dei namn som «moderne norsk», «notidsnorsk», «standardnorsk» og endåtil «normalnorsk». I dei tilfella der det nynorske skrift- og talemålet har noko anna enn bokmålet, då får me gjerne berre framlagt tilhøva i bokmålet, men med namnet «norsk», akkurat som me såg med genitiven i førre bolken.

Klære døme på dette ser me i bolken om ordlagning (s. 271–315). Conzett skriv om det lågtyske suffikset *-bar*, som er vorte produktivt i «norsk» (s. 302). Men ingenstad i dette kapittelet får me høyra om det norske suffikset *-ande*, som svarar mest heilt opp til *-bar*, jamvel om det er handsama i flestalle utgreiingane om norsk ordlagning elles (Aasen 1864: 270; Heggstad 1931: 68, 71; Beito 1986: 131, 284). Suffikset *-ande* er særmerkt for nynorsk og lite brukande i det norsk-danske skriftspråket (Western 1921: 372; Næs 1979: 287).

Dette er ikkje eit einstaka døme. På side 291 får me vita at ordet *trivsel* har «fortrengt» gamalnorsk *þrifnaðr*. Men *trivnad* er eit vanleg ord både i det nynorske skriftspråket og i målføra. Ordet står oppført

i alle ordbøkene og får merkelappen «heller vanleg» i nettutgåva av *Norsk ordbok*. Men i bokmålet er det nok ovleg lite nytta, og eg får ingen tilslag i *Leksikografisk bokmålskorpus* når eg søker etter dette ordet der. Sameleis kan me lesa at det gamalnorske prefikset *frum-* ikkje lenger finst i «notidsnorsk» (s. 286–287). Like fullt er det 60 oppslagsord med prefikset *frum-* i *Norsk ordbok*, og mange av dei er kjende frå målføra (NO 3: 870–874). Men på bokmål finst dette prefikset ikkje. Eit anna, og mykje bruka, prefiks på nynorsk er *ov-* ‘altfor; mykje’. Conzett skriv at dette prefikset ikkje har vore produktivt i «moderne norsk» for adjektiv (s. 286), og i verb finst det visst ikkje lenger (s. 289). Men *Norsk ordbok* har tolv verb med *ov-* til oppslagsord, mellom anna *ovdrikka*, *oveta* og *ovseia* (NO 8: 972–1049). Conzett seier ikkje korleis han kom fram til at *ov-* ikkje har vore produktivt i adjektiv. Den beste måten å testa om eit affiks er produktivt på, er å sjå om ein kan bruka det på nye ord i språket, og det er lånord. I *Norsk ordbok* er det meir enn eit dusin oppslagsord av det slaget der prefikset *ov-* er sett på eit adjektiv lånt frå eit anna språk. Dei er mellom andre *ovbøs*, *ovklein*, *ovmektig* og *ovstolt* (NO 8: 972–1049). Jamvel på heilt nye lånord kan me setja *ov-*. Frå adjektivet *kul*, som kom inn i norsk talemål i andre halvta av 1900-talet (NRO 5: 1637; Tryti 2008: 210, kan ein laga *ovkul*, sjå døma nedanfor.

(5) «Ovkul blekksprutlampe», «Ovkul overskrift og»<sup>7</sup>

(6) «Lyn er kult nok fra før, men i superslo-mo [...] blir det ovkult!»<sup>8</sup>

(7) «Ovkult prosjekt, åkke som!»<sup>9</sup>

Alle desse adjektiva syner at *ov-* har vore produktivt heilt frå den tida lånorda kom inn i dei norske målføra og fram til i dag. Men akkurat som med *-ande* nemnt ovanfor er *ov-* lite brukande i det norsk-danske skriftspråket (Næs 1979: 402), og ein kan spekulera om det er difor det får ein slik omtale i dette kapittelet.

Eit siste døme på at den norsk-danske og ikkje den norske språkhistoria vert prioritert, kjem i kapittelet om ordtilfanget. Her får me ei remse med ord som skal vera svenske lånord «i norsken» (s. 486). Jenstad stavar desse orda på nynorsk vis, so då må me tru at dei er lånord i det nynorske skriftspråket med. Mellom desse orda er *emne* og *omdøme*. Kjelda for dette er Skautrup (1953), som skriv at dette er lånord frå svensk inn i dansken. Jenstad held desse orda for å vera komne inn i norsken frå dansk. Dette er rett berre om me med «norsken» her les «det norsk-danske bokmålet», for i det nynorske skriftspråket og dei norske målføra er både *emne* og *omdøme* gamle og vidgjengde ord som det ikkje er nokon grunn til å tru kjem frå svensk gjennom dansken (NO 2: 690–692; 8: 717).

### 9.3 Danskætta talemål og dansk stavemåte syner fram norsk lydutvikling

På sidene 171–173 har Torp ein bolck han kallar «Fonema /e/ og /æ/ i søraustnorsk». Sjølve utgreiinga hans er gjennomgått i bolck 4.2.6 ovanfor. Det Torp hevdar han seier noko om her, er *søraustnorsk* ålment, men alle døma hans kjem fra den danskætta «danna daglegtalen» i Oslo (sjå bolck 9), og kjelda hans er Brekke (1881), som er ei utgreiing om «det dansk-norske bysprog, således som det lyder her på østlandet i de dannede klassers utvungne dagligtale» (1881: 1). Jamvel Brekke skriv at «vort bysprog har sin grund i dansken» (1881: 31). Spørsmålet no er: Kan ein bruka det danskætta talemålet i Oslo til å representera ålmenn søraustnorsk lydutvikling? Eit merke på kva ugreie det kan føra til, ser me når Torp legg fram *vētā* ‘kveite’ og *fēl* ‘fæl’ til døme på *e*-lydar i søraustnorsk, jamvel om ein frase som *fēl vētā* berre finst i den danna daglegtalen i Oslo. I resten av landsdelen heiter det jamnast *fæ!* (*g*)*væitā* (Målføresynopsisen § 13, § 22). Med di vert det heller skeivt å kalla *fēl vētā* for «søraustnorsk».

I bolck 9.1 såg me døme på at danske setningar vert bruka til å syna fram utviklinga av norsk setningsbygning. Den same metoden ser me andre stader i boka, der dansk stavemåte vert nytta til å syna

7. <https://www.newth.net/eirik/2008/03/09/ovkul-blekksprutlampe/>. Datert 09/03/2008 og 10/03/2008.

8. <https://twitter.com/vitenwahl/status/357838281859284992>. Datert 18/07/2013.

9. <http://enslask.no/2014/10/vi-sendte-et-kamera-gjennom-rorposten-her-er-filmen/>. Datert 15/10/2014.

fram norsk lydutvikling. Det fyrste dømet på det kjem opp i diskusjonen av lydane *e* og *æ* som nyst vart nemnd ovanfor. Her skriv Torp dette:

Dermed fall t.d. eldre søraustnorsk /væ:te/ 'væte' saman med /bæ:te/ 'kveite': Dei to orda som på bokmål blir skrivne som *væte* og *hvēte*, blir som kjent uttala likt, medan dei før hadde ulik vokal, slik skrifta viser (s. 171).

Den læra Torp legg fram her, er med andre ord at me kan sjå frå stavemåten i det danskætta bokmålet korleis orda vart uttala i «eldre søraustnorsk». Men sidan bokmålet ættar frå det danske skriftspråket, so syner stavemåten i bokmålet fyrst og fremst fram den gamle uttalen i det danske riksmålet. Stavemåten i det norsk-danske bokmålet har rett nok vorte fornorska etter den danna daglegtaleten, men det har dei gjort ord for ord og aldri heilt igjennom. Difor kan me aldri velja ut ord frå bokmålet på slump og seia at dei syner fram den gamle seiemåten i den danna daglegtaleten. Ikkje minst gjeld det bokstavane <e> og <æ> i det norsk-danske skriftspråket, for dei har aldri spegla att uttalen her til lands på noka god eller heilsleg vis. Som Jonathan Aars skreiv i rettskrivingslæra som galdt då Brekke skreiv artikkelen sin i 1881, var det «[v]ed bogstaverne **e** og **æ** [...] stor forvirring, baade i udtalen og i skrivemaaden» (1878: 10–11).

Eit anna døme på denne framgangsmåten har me i diskusjonen om den gamalnorske vokalen *i* på side 158. Her skriv Torp dette:

Det er likevel ikkje slik at ein bestemt vokal i eit gammalnorsk ord svarar til den same vokalen i det tilsvarende ordet i dag. [...] gno. *vita* [kan] heite både *vite* og *vete* i nynorsk skriftmål, og gno. *lifa* heiter alltid *leve*. Her ser me at [...] gammalnorsk kort *i* av og til blir *e*.

Stavemåten i det nynorske skriftspråket er med andre ord grunnlaget for å seia at det ymsar om gamalnorsk *i* vert til *i* eller *e*, sidan det heiter *vita*, men *leva*. Men skilnaden i stavemåten mellom desse to orda i det nynorske skriftspråket har ingenting med norsk lydutvikling å gjera. Han kjem frå det danske skriftspråket, må *vita*. Fram til 1917 heitte det *vita* og *liva* i det nynorske skriftspråket. Då vart stavemåten *liva* teken bort og *leva* innsett i staden (*Landsmål* 1918: 6). Det fanst ikkje noko grunnlag i målføra for dette vedtaket. Det finst mest ingen unnatak i dei norske målføra til at det er same lydutviklinga i dei to gamalnorske orda *vita* og *lifa*, og eg kjenner ikkje til eit einaste norsk bygdemål som har *vita*, men *leva* (eller ein tilsvarende skilnad).<sup>10</sup> Stavemåtane *vita* og *leva* vart vedtekne for det nynorske skriftspråket i 1917 med eitt mål for auga: samnorsk. Dei to skriftspråka i Noreg skulle gå opp i eitt, og då måtte stavemåten i dei to måla jamnast fyrst. Sidan det heitte *vite* og *leve* i det norsk-danske skriftspråket, kunne ein samstava stavemåten i dei to måla ved å taka bokmålsforma inn i nynorsken. Å gå den andre vegen, det er å taka *live* inn i bokmålet, kom ikkje på tale, sidan forma *live* ikkje hadde talemålsgrunnlag i dei søraustlandske bymåla. Den einaste grunnen til at det er ulik vokal i *vita* og *leva* i det nynorske skriftspråket, er dimed at dei har ulik vokal i det norsk-danske skriftspråket. Grunnen til at dei har det der, har med dansk lydutvikling å gjera (sjå Hansen 1962: 16–31).

#### 9.4 Det er viktig å få skil på utviklingslinene

Gjennomgangen i bolkanen ovanfor har synt at forfattarane i denne boka tek dei norskætta og danskætta måla i Noreg for å vera meir eller mindre det same. Heile vegen brukar dei eitkvart samnemnet for dei to utviklingslinene («moderne norsk», «notidsnorsk» osv.), og mange gonger vert språktrekk frå dei

10. Det einaste som kjem nær, er bygdemåla langs kysten mellom Austre og Vestre Moland i Aust-Agder. Her heiter det *viddā* og *lēvā*, men her er det lydlengtha som er det avgjerande. For det er ei lydrett utvikling i desse målføra at gamalnorsk *i* vert verande *i* når konsonanten etter vert lengd (*biti* > *biddā*, *hiti* > *hiddā*, *lifr* > *livvōi*), men vert til *ē* når vokalen vert lengd (*drift* > *drēvā*, *svifit* > *svēvā*, *bik* > *bēg*) (Moy 1937: 55–56, 65, 105, 116; Pettersen 1943: 110, 130, 138; Mollatt [1957]: 108; Torp 1986: 46, 90, 101; Målføresynopsisen § 2, § 9, § 26, § 50, § 55, § 57). At desse målføra like fullt ikkje har hatt noko å gjera med at det heiter *vita* og *leva* i det nynorske skriftspråket, ser me greitt frå at desse målføra har *biddā*, *hiddā*, *livvōi*, *drēvā* og *svēvā* der skriftspråket har *bete*, *hete*, *lever*, *drive* og *svive*.

danskætta måla bruka til å syna fram språktrekk i dei norskætta måla. Men det er mange gode grunnar til å halda desse utviklingslinene åtskilde i språkhistoria.

For det fyrste har eit vitskapleg verk den plikta å syna fram den objektive sanninga. Dei to utviklingslinene er ikkje dei same, og dei har ikkje dei same språktrekka. Ein kan godt forenkla framstillinga so at ho vert meir lettlært, men utan at det som kjem fram, vert rangt.

For det andre er denne framstillinga til skade for studentane og komande forskarar. Jamt ser me at dei tek dei norske bygdemåla for å vera variantar av det norsk-danske bokmålet, at dei trur det danske skriftspråket i Noreg på 1800-talet er «gamal norsk» og illustrerer korleis nordmenn tala på den tida, og at dei trur bokmålet ættar frå gamalnorsken. Eit språkhistorieverk burde kvæva slike villfaringar i staden for å nøra dei. Like fullt er det er ein vanleg metode hjå språkforskarar i Noreg å leggja fram formene i det danskætta bokmålet som dei var framhaldet av gamalnorsken. I det som må vera den mest lesne språkhistorieboka i Noreg i dag, Torp & Vikør (2014), skriv Torp til dømes at bokmål *båret* kjem frå norrønt *borit* (2014: 72), og i den boka som er omtala her, skriv han at «[p]å bokmål er gno. *hestar* blitt *hester*» (s. 185). Då er det ikkje til å undrast på at dei som les slik framlegging, trur gamalnorsk er opphavet åt bokmålet.

For det tredje gjer framstillinga i denne boka at den norske målstriden på 1800- og 1900-talet ter seg uskjøneleg og grunnlaus. Heile grunnlaget for den norske målreisinga var nettopp at den norske utviklingslina er skild frå den danske, og at det norskætta språket har andre trekk enn det danskætta språket. I denne boka vert det lagt fram som alt går ut på det same. Tradisjonelt sett har framstillinga av den «indre språkhistoria» i vitskaplege bokverk fått fram korleis det har vore to utviklingsliner med ulike språktrekk og tradisjonar, og då har denne framstillinga danna grunnlaget for utgreiinga om den «ytre språkhistoria», der me lærer om korleis desse to utviklingslinene har ført til lang målstrid i Noreg. Slik den indre språkhistoria vert framstilt i denne boka, kan ho ikkje lenger danna eit slikt grunnlag.

Denne samanblandinga av norskætta og danskætta språk får òg fylgjer for framstillinga av språkendringane. Døme på det har me sett ovanfor, der det ikkje kjem fram at orda frå det danskætta bokmålet trengjer ut det nedervde norske ordtilfanget i målføra (sjå bolc 7.3) eller at den gamalnorske genitiven ikkje lenger lever att i dei nynorske målføra (sjå bolc 9.1). Men held ein norskætta og danskætta språk for å vera det same, då kan ein hevda at språket har mist korkje det eine eller det andre, sidan både det danskætta ordtilfanget og den danskætta genitiven lever att i det norsk-danske bokmålet. På den måten kjem ikkje røynelege språkendringar i den norske språkhistoria fram i det heile.

## 9.5 Språkhistorieskriving og ideologi

Dei som har granska og skrive om språkhistoria i Noreg, har jamnast hatt eit fast synspunkt i den norske målstriden. Det gjer at ideologien deira ofte skin gjennom i språkhistorieverka dei skreiv (sjå diskusjonen hjå Jahr mfl. 2016). Indrebø var ein ihuga og konservativ målmann, og i språkhistoria si held han endringar bort frå det gamle norske for låkt, men særnorske endringar og språktrekk for noko godt. Slike vurderingar høyrer ikkje heime i eit vitskapleg historieverk (Haugen 1960: 74). Men særleg mykje tyn har Seip fått for språkhistoria si. Han vert skulda for å ha gjeve ei skeiv framstilling av den norske språkhistoria i vona om at det skulle rettferdiggjera dei danske språktrekka i det norsk-danske skriftspråket (Hødnebo 1971: 150–153; Haugen 1974: 577; Hovdhaugen mfl. 2000: 410; Jahr 2013: 13–17; Venås 2013: 32).

Slik språkhistoria er framlagd i dette språkhistorieverket, er det lett for andre å utnytta henne for eit samnorsksyn. Etter samnorsktanken skal dei to skriftspråka våre til sist gro i hop i eitt sams skriftspråk, og det vert lettare å argumentera for ei slik styring når dei kan stø seg på eit språkhistorieverk som ber bod om at dei to skriftspråka våre har det same historiske grunnlaget med éi sams utvikling. Det er ingen grunn til å mistru forfatarane av denne boka for at dei har late slike ideologiske omsyn styra den vitskaplege framstillinga, men når samanhengen mellom språkhistorieskriving og ideologi er so velkjend, so er det nettopp av den grunnen viktig å leggja fram språkhistoria so sann og objektiv som

råd, so at ingen i framtida kjem på å vilja mistru dei for det heller.

## 10 Samandrag og vurdering

Redaksjonen for dette språkhistorieverket har ikkje berre sett seg det målet at verket skal verta eit vitenskapleg oppslagsverk, men òg at det noko so nær skal kunna setjast i staden for Seip (1971) og Indrebø (2001), som «hittil [har] vore» oppslagsverka (s. 8). Etter at eg har lese nøye igjennom dette fyrste bandet i verket, har eg kome til den konklusjonen at bokverket ikkje har nått det målet. Jamvel om det er mangt godt i boka med interessante diskusjonar og utgreiingar, so er det like fullt for mange lyte i henne. Nedanfor skal eg gå meir grundig inn på grunnane til det.

### 10.1 Særmerke og utval

I to ting er denne boka etter måten god. Forfattarane har jamt over halde seg til dei teoriane som er ålment godtekne, og dei har gjort eit godt utval av dei fenomena som det er viktig å leggja fram frå den norske språkhistoria. Somme stader har eg likevel merkt ut fenomen som det ikkje står noko om i boka, men som burde ha kome med (sjå til dømes bolc 5.2). Det er òg stader i boka der somme av forfattarane står for heller særmerkte syn utan at dei fortel lesarane at det dei skriv ikkje samsvarar med den ålmenne læra. Døme på det er når Sandøy argumenterer for at haldningar ikkje har noko å seia for språkutviklinga i Noreg (sjå bolc 3.4) og når Kristoffersen meiner at gamalnorsk ikkje hadde ordskiljande tonelag (sjå bolc 4.1.2). Andre stader får me vita at det me får lesa, er nye tankar, men der desse nye tankane fører til nye spørsmål me ikkje får høyra om eller får svar på. Det gjeld påstanden frå Kristoffersen om at gamalnorsk ikkje kunne ha lange konsonantar i enden av orda (sjå bolc 4.1.4), hypotesen hans om kva som ligg bak jamvekta (sjå bolc 4.2.1), og til sist gjeld det òg læra hans om kva staving som har det «underliggjande» trykket i norske ord (sjå bolc 4.2.2).

### 10.2 Tilvisingar

I dette verket er det altfor fått med tilvisingar, især til kjeldene for det tilfanget og dei teoriane som forfattarane tek med. I dag ventar me at forskarar hjelper lesarane sine med å visa til kvar dei har henta opplysningane sine frå, so at lesarane kan gå til kjeldene sjølve og etterprøva det som står der. I det heile og store gjer forfattarane i denne boka ikkje det, og då kan ikkje lesarane vita kva opplysningar som forfattarane har kome med sjølve og kva opplysningar dei har henta frå andre kjelder. Det fører diverre til at boka vert mindre brukande til oppslagsverk. Andre Mørck skal gå fri for denne kritikken, for kapittelet hans er mønstergildt når det gjeld tilvisingane (sjå bolc 6).

### 10.3 Danske språktrekk og danskætta språk

Eit stort lyte med denne boka er måten dei danske språktrekka og dei danskætta språka i Noreg er hand-sama på. Det finst ingen andre språk som har vore i nærleiken av å påverka det norske språket so sterkt, og det på ymse måtar. Frå gamalt har danske språktrekk spreitt seg inn i talemåla i Sør-Noreg og innetter i landet, og desse språktrekka har især vore sterke i bymåla. Overklassen i Noreg tala ein danskætta «danna daglegtale», og i Oslo har dette talemålet vunne på det norskætta bymålet. Det gjer at fleire danske språktrekk breier om seg, sidan det er talemålet i Oslo som har vore kjelda for dei fleste talemålsendringane i landet den siste tida. Ei av dei aller største språkendringane dei siste generasjonane er at det gamle og nedervde norske ordtilfanget kjem bort i talemåla, og det som skuvar desse orda bort, er ordtilfanget frå det danskætta bokmålet. Jamvel det nynorske skriftspråket skil seg lite frå bokmålet i dag når det gjeld ordtilfang, setningsbyggnad og språkføring. Alt lagt i hop kan ingen tvila på at både



talemåla og skriftspråka i Noreg har vorte mykje avnorska og fordanska gjennom dei siste hundreåra. Det er vanskeleg å skjøna kvifor forfattarane av ei stor norsk språkhistoriebok ikkje tykkjer at noko av dette er verdt å nemna med eit einaste ord, og endå meir underleg er det å sjå at språktrekk frå desse danskætta språka vert haldne fram for å vera norske språktrekk (sjå bolk 9).

#### 10.4 Mistak

Det største lytet med boka, særleg av di ho er etla til eit vitskapleg oppslagsverk, er at det er for mange reine mistak i henne. Det er påstandar og utgreiingar om språktrekk og språkendingar frå alle stega i den norske språkhistoria som er beint fram range, og somme av dei må me kunna kalla for grove mistak. I denne omtalen har eg kome inn på mange av desse misgrepa og synt på kva vis dei er range, og som nemnt før kunne ei slik oppteljing med mistak i denne boka gjerast lengre. Det er nok til å konkludera at dette verket ikkje kan setjast i staden for dei gamle språkhistoriebøkene åt Seip (1971) og Indrebø (2001). Bøkene deira har sine lyte, dei òg (sjå bolk 9.5), men éin ting skal dei ha: Det er mest ingenting i dei som er beint fram rangt. Me må kunna krevja at ei ny språkhistoriebok byggjer på dei gamle, so at ingenting av det som er framlagt rett i dei gamle, kjem fram rangt i den nye.

#### 10.5 Slutning

Språkhistorieverk i Noreg kjem oftast ut i mange nye utgåver, noko som syner kor viktig fagområdet er i den høgre utdanninga. Av dei bøkene som er nemnde i innleiinga, har til dømes Torp & Vikør (2014) kome i fire utgåver, Otnes & Aamotsbakken (1999) i fem og Almenningen mfl. (2002) i seks. Jamvel dei store oppslagsverka åt Seip (1971) og Indrebø (2001) har kome i meir enn éi utgåve. Difor er det von om at den boka som er omtala her, òg kjem i ei ny utgåve om nokre år. For jamvel om denne fyrsteutgåva ikkje når målet om å verta det nye hovudoppslagsverket for norsk språkhistorie, trengst det ikkje so mykje arbeid for at ei ny og omvølt utgåve kan gjera det. Som nemnt i denne artikkelen er både utgreiingane og gjennomgangen for det meste god – det er på punkta nemnde ovanfor det skortar. Fyrst og fremst må fleire litteraturtilvisingar førast inn, mistak må rettast opp, og ein må få skil på den norske og norsk-danske utviklingslina i språkhistoria. Medan me ventar på ei slik ny utgåve, er det språkhistoria til Indrebø som må gjelda for det beste og mest pålitelege verket (sjå Venås 1984: 174; Hovdhaugen mfl. 2000: 411; Endresen 2002: 15).

### Referansar

- Ajzen, Icek. 2005. *Attitudes, personality and behavior*. 2. utg. Mapping social psychology. Maidenhead: Open University Press.
- Almenningen, Olaf, Thore A. Roksvold, Helge Sandøy & Lars S. Vikør, red. 2002. *Språk og samfunn gjennom tusen år. Ei norsk språkhistorie*. 6. utg. Oslo: Universitetsforlaget.
- Anderson, Ragnhild Lie & Edit Bugge. 2015. Dialect and other explanatory factors in subconscious verbal guise tests. *Acta Linguistica Hafniensia* 47(2): 244–267.
- AWB = *Althochdeutsches Wörterbuch*. 1968–. Red. av Elisabeth Karg-Gasterstädt & Theodor Frings. 6 bd. Auf Grund der von Elias von Steinmeyer hinterlassenen Sammlungen im Auftrag der Sächsischen Akademie der Wissenschaften zu Leipzig. Berlin: Akademie Verlag.
- Barnes, Michael. 2008. *A new introduction to Old Norse*. Bd. 1: *Grammar*. 3. utg. Viking society for Northern research. University College London.
- Beito, Olav T. 1942. *R-bøygning. Etterrøknader i norsk formålære*. Oslo: Jacob Dybwad.
- . 1954. *Genusskifte i nynorsk*. Skrifter utgitt av Det Norske Videnskaps-Akademi i Oslo. II. Hist.-filos. klasse. 1954 1. Oslo: Jacob Dybwad.

- Beito, Olav T. 1986. *Nynorsk grammatikk. Lyd- og ordlære*. 2. utg. Oslo: Det norske samlaget.
- Benediktsson, Hreinn. 1972. *The First Grammatical Treatise. Introduction. Text. Notes. Translation. Vocabulary. Facsimiles*. University of Iceland. Publications in linguistics 1. Reykjavík: Institute of Nordic linguistics.
- Berntsen, M. & Amund B. Larsen. 1925. *Stavanger bymål*. Utgitt av Bymålslaget. Oslo: H. Aschehoug & Co.
- Bjorvand, Harald. 2010. Om utviklingen av det norrøne sterke presens. *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 28(2): 173–192.
- Bjorvand, Harald & Fredrik Otto Lindeman. 2007. *Våre arveord. Etymologisk ordbok*. 2. utg. Instituttet for sammenlignende kulturforskning. Serie B: Skrifter 105. Oslo: Novus.
- Bloomfield, Leonard. 1934. Melding av *Handbuch der erklärenden Syntax*. *Language* 10(1): 32–40.
- . 1935. *Language*. London: George Allen & Unwin.
- de Boer, Bart. 2000. Self-organization in vowel systems. *Journal of Phonetics* 28(4): 441–465.
- Braune, Wilhelm. 2004. *Althochdeutsche Grammatik*. Bd. 1: *Laut- und Formenlehre*. 15. utg. Sammlung kurzer Grammatiken germanischer Dialekte. A. Hauptreihe 5. Bearbeitet von Ingo Reiffenstein. Tübingen: Max Niemeyer.
- Brekke, K. 1881. Bidrag til dansk-norskens lydlære. *Indbydelsesskrift til den offentlige examen i juni og juli 1881 ved Aars og Voss's latin- og realskole*. Kristiania: W. C. Fabritius, 1–66.
- Brøndum-Nielsen, Johs. 1965. *Gammeldansk Grammatik. I sproghistorisk Fremstilling*. Bd. 5: *Pronominer*. København: Akademisk forlag.
- . 1973. *Gammeldansk Grammatik. I sproghistorisk Fremstilling*. Bd. 8: *Verber III. Konjugationsformernes Udvikling*. København: Akademisk forlag.
- Chomsky, Noam. 1986. *Knowledge of language. Its nature, origin, and use*. Convergence. Westport, CT: Praeger.
- Chomsky, Noam & Morris Halle. 1968. *The sound pattern of English*. Studies in language. New York, NY: Harper & Row.
- Christiansen, Hallfrid. [1946–48]. *Norske dialekter*. Tanum.
- Craigie, W. A. 1900. On some points in skaldic metre. *Arkiv för nordisk filologi* 16: 341–384.
- Dalen, Arnold & Jan Ragnar Hagland. 1985. «I det mest upolerede Bondesprog». *Tekster på trøndermål 1706–1856*. Skrifter frå Norsk Målførearkiv 37. Oslo: Universitetsforlaget.
- Darwin, Charles. 1872. *The origin of species by means of natural selection, or the preservation of favoured races in the struggle for life*. 6. utg. London: John Murray.
- Endresen, Rolf Theil. 2002. Med norsk mål ned i helheimen og upp att. *Dag og Tid* 41(41): 14–15.
- Endresen, Rolf Theil & Hanne Gram Simonsen. 2000. *Morfologi. Innføring i lingvistikk*. Red. av Rolf Theil Endresen, Hanne Gram Simonsen & Andreas Sveen. 2. utg. Oslo: Universitetsforlaget, 71–124.
- Falk, Hjalmar & Alf Torp. 1900. *Dansk-norskens syntax i historisk fremstilling*. Kristiania: H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard).
- Fossheim, Marie. 2010. *Språket på Midøya. En sosiolingvistisk oppfølgingsstudie av talemålene på ei øy i Romsdalen*. Masteroppgåve. Universitetet i Bergen.
- Garrett, Peter. 2010. *Attitudes to language*. Key topics in sociolinguistics. Cambridge: Cambridge University Press.
- Gauch, Hugh G., Jr. 2012. *Scientific method in brief*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Grøtvedt, Per Nyquist. 1939. *Lydverket i lovhåndskrifter fra Borgartingslag 1300–1350. Med et tillegg om sørøst-norske diplomer*. Med 9 faksimiler. Skrifter utgitt av Det Norske Videnskaps-Akademi i Oslo. II. Hist.-filos. klasse. 1938 7. Oslo: Jacob Dybwad.
- . 1949. *Studier over målet i lagmannsbrev fra Oslo. 1350–1450*. Med 18 plansjer. Skrifter utgitt av Det Norske Videnskaps-Akademi i Oslo. II. Hist.-filos. klasse. 1948 2. Oslo: Jacob Dybwad.
- . 1974. *Skrift og tale i mellomnorske diplomer fra Folden-området 1350–1450*. Bd. 3: *Språkhistorisk oversikt*. Skrifter frå Norsk Målførearkiv 28. Oslo: Universitetsforlaget.
- Hale, Mark. 2007. *Historical linguistics: Theory and method*. Blackwell textbooks in linguistics 21. Malden, MA: Blackwell.

- Hansen, Aage. 1962. *Den lydige udvikling i dansk. Fra ca. 1300 til nutiden*. Bd. 1: *Vokalismen*. København: G. E. C. Gads forlag.
- Hanssen, Eskil, Else Mundal & Kåre Skadberg. 1975. *Norrøn grammatikk. Lydlære, formlære og syntaks i historisk framstilling*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Haugen, Einar. 1960. Gustav Indrebø: Norsk målsoga. *Maal og Minne* (1–2), 71–77.
- . 1966. *Riksspråk og folkemål. Norsk språkpolitikk i det 20. århundre*. [1969]. Universitetsforlaget.
- . 1972. *First Grammatical Treatise. The earliest Germanic phonology*. An edition, translation and commentary. 2. utg. The classics of linguistics. London: Longman.
- . 1974. *Melding av Norwegische Sprachgeschichte. Language* 50(3): 575–582.
- Haugen, Odd Einar. 2001. *Grunnbok i norrønt språk*. 4. utg. Oslo: Gyldendal.
- Heggstad, Leiv. 1931. *Norsk grammatikk. Større utgåve*. 2. utg. Oslo: Olaf Norlis forlag.
- Heggstad, Leiv, Finn Hødnebo & Erik Simensen. 2008. *Norrøn ordbok*. Gamalnorsk ordbok ved Heggstad og Torp. 5. utg. 2. opplaget 2012. Oslo: Det norske samlaget.
- Heggstad, Leiv & Didrik Arup Seip. 1909. *47 spørsmål og svar om sprogstriden. En saglig utredning ved to filologer*. Kristiania.
- Hellevik, Alf. 1971. Om påverknad på norsk frå andre nordiske språk. *Språk i Norden. Årsskrift for språknemndene i Norden*. Red. av Arne Hamburger, Arnulv Sudmann & Bertil Molde. Norsk språknemnd skrifter 8. Lund: J. W. Cappelens forlag A-S, 37–47.
- Hoff, Ingeborg. 1946. *Skjetvemålet. Utsyn over lydvoeksteren i målet i Skiptvet i Østfold i jamføring med andre østfoldske mål*. Skrifter utgitt av Det Norske Videnskaps-Akademi i Oslo. II. Historisk-filosofisk klasse. 1946 1. Oslo: Jacob Dybwad.
- . 1949. *Skjetvemålet. Et tilsvaer til professor D. A. Seip. Svenska landsmål och svenskt folkliv* 72: 123–140.
- . 1965. *Bygdemålet i Heggen og Frøyland. Heggen og Frøland. Fellesbind for bygdene Askim, Eidsberg og Trøgstad*. Red. av Jens N. Bolstad, Jens Grønset, Håkon Haugerud, Olav H. Mysen, Gudbrand Natrud & Ivar Rui Manum. Bd. 1.1. Askim, 312–377.
- Holtmark, Anne, red. 1955. *Ordforrådet i de eldste norske håndskrifter til ca. 1250*. Utgitt av Gammelnorsk Ordboksverk. Oslo: Jacob Dybwad.
- Horne, Helga. 1917. *Aksent og kvantitet i Vaagaamaalet*. Bidrag til nordisk filologi av studerende ved Kristiania universitet 3. Kristiania: H. Aschehoug & Co.
- Hovdhaugen, Even, Fred Karlsson, Carol Henriksen & Bengt Sigurd. 2000. *The history of linguistics in the Nordic countries*. Jyväskylä: Societas Scientiarum Fennica.
- Hægstad, Marius. 1913. Eintal av kynlause pronomen og nokre nærskyldde former i nynorsk. *Festskrift til professor Alf Torp. Paa hans 60 aars fødselsdag 27. september 1913*. Kristiania: H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard), 64–70.
- Hødnebo, Finn. 1971. Om diplomer som kilde for norsk språkhistorie. *Mål og namn. Studiar i nordisk mål- og namnegransking*. Red. av Hallvard Magerøy & Kjell Venås. Oslo: Universitetsforlaget, 145–153.
- Hårstad, Stian. 2010. *Unge språkbrukere i gammel by. En sosiolingvistisk studie av ungdoms talemål i Trondheim*. Ph.d-avhandling, NTNU.
- Indrebø, Gustav. 2001. *Norsk målsoga*. 2. utg. Bergen: Norsk bokreidingsforlag.
- Indrebø, Gustav & Aslak Torjusson. 1929. *Norsk og norsk dansk. Dei rette namni paa maali*. Oslo: Noregs maallag.
- IPA = *Handbook of the International Phonetic Association*. 1999. *A guide to the use of the International Phonetic Alphabet*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Jahr, Ernst Håkon. 2013. Didrik Arup Seip – om forholdet mellom språkpolitikeren og språkhistorikeren. *Talemålsforskning i Norden dei siste 100 åra. Eit symposium i Åseral i 2011 i høve 100-årsjubileet for Didrik Arup Seips hovudfagsavhandling om åsdølmålet*. Red. av Lennart Elmevik & Ernst Håkon Jahr. Acta academiae regiae Gustavi Adolphi 127. Uppsala: Kungl. Gustav Adolfs Akademien för svensk folkkultur, 9–19.

- Jahr, Ernst Håkon, Gudlaug Nedreliid & Marit Aamodt Nielsen. 2016. *Språkhistorieskriving og språkideologi. Eit utval norske språkhistorikarar*. Oslo: Novus.
- Jensen, Liv Breiby. 1992. Ordliste fra Odal (Sand). *Ord og uttrykk fra Solør, Odal og Eidskog*. Red. av Agnes Woll, Marit Sand, Ola Cato Lie & Hans Øivind Bjørnstad. Hedmark bondekvinneleg, s. 146–196.
- Johnson, Keith. 2012. *Acoustic and auditory phonetics*. 3. utg. Chichester: Wiley-Blackwell.
- Kemeny, John G. & Paul Oppenheim. 1956. On reduction. *Philosophical Studies* 7(1–2): 6–19.
- Kock, Axel. 1911–16. *Umlaut und Brechung. Im Altschwedischen*. Eine Übersicht. Lunds universitets årsskrift. N. F. Avd. 1. Bd 12. 1. Lund: C. W. K. Gleerup.
- Kolsrud, Sigurd. 1942. Målet i Øyterdalane og Solørbygdene. *Glåmdal*. Bd. 5. Norske bygder. Bergen: John Griegs forlag, 27–50.
- . 1950. *Norsk ljoskrift*. Oslo: Jacob Dybwad.
- . 1951. *Nynorsken i sine målføre*. Oslo: Jacob Dybwad.
- Krause, Wolfgang. 1971. *Die Sprache der urnordischen Runeninschriften*. Germanische Bibliothek. Dritte Reihe. Untersuchungen und Einzeldarstellungen. Heidelberg: Carl Winter.
- Kuhn, Hans. 1937. Zum Vers- und Satzbau der Skalden. *Zeitschrift für deutsches Altertum und deutsche Literatur* 74(1/2): 49–63.
- Landsmål*. 1918. *Den nye rettskrivning. Reglar og ordlistor*. Utarbeidde ved den departementale rettskrivningskomite. Bd. 2. Oslo: Det mallingske bogtrykkeri.
- Larsen, Amund B. 1907. *Kristiania bymål. Vulgærsproget med henblik på den utvungne dagligtale*. Utgit av Bymålslaget. Kristiania: Cammermeyers boghandel.
- Larsen, Amund B. & Gerhard Stolz. 1912. *Bergens bymål*. Utgit av Bymålslaget. Kristiania: H. Aschehoug & Co.
- Larsson, Ludvig. 1891. *Ordförrådet i de äldsta isländska handskrifterna. Leksikaliskt ock grammatiskt ordnat*. Lund: Ph. Lindstedts universitets-bokhandel.
- Liestøl, Knut. 1927. *Målreising*. Oslo: Olaf Norlis forlag.
- Liljencrants, Johan & Björn Lindblom. 1972. Numerical simulation of vowel quality systems: The role of perceptual contrast. *Language* 48(4): 839–862.
- Lindberg, Karl Hilmen. 1906. *Skeemålets ljudlära*. Göteborg: Wald. Zachrissons boktryckeri.
- Lindblom, B. 1990. Explaining phonetic variation: A sketch of the H&H theory. *Speech production and speech modelling*. Red. av William J. Hardcastle & Alain Marchal. NATO ASI series D 55. Dordrecht: Kluwer, 403–439.
- Lundeby, Einar. 1994. *Hobølmålet. Hobølboka*. Bd. 2. Hobøl, 237–269.
- Mollatt, Per. [1957]. *Noen stedsnavn i Vestre Moland og Birkenes*. Hovudoppgåve. Universitetet i Oslo.
- Moy, Mathias. 1937. *Fjæremålet*. Hovudoppgåve. Universitetet i Oslo.
- Myhre, Reidar. 1952. *Vokalismen i iddemålet*. Skrifter frå Norsk Målførearkiv 1. Oslo: Jacob Dybwad.
- Myrvoll, Klaus Johan. 2014. *Kronologi i skaldekvæde. Distribusjon av metriske og språklege drag i høve til tradisjonell datering og attribuering*. Ph.d-avhandling. Universitetet i Oslo.
- Målføresynopsisen*. URL: <http://usd.uib.no/perl/search/search.cgi?appid=145&tabid=2165>.
- Nesse, Agnete. 2013. *Innføring i norsk språkhistorie*. Cappelen Damm Akademisk.
- NO = *Norsk ordbok*. 1966–2016. *Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet*. Red. av Alf Hellevik. 12 bd. Oslo: Det norske samlaget.
- Noreen, Adolf Gotthard. 1877. *Frykdalsmålets ljudlära*. Doktorgradsavhandling. Upsala universitet.
- . 1879. *Dalbymålets ljud- ock böjningslära*. Nyare bidrag till kännedom om de svenska landsmålen ock svenskt folklif. I 3. Stockholm: P. A. Norstedt & söner.
- . 1904. *Altnordische Grammatik*. Bd. 2: *Altschwedische grammatik. Mit einschluß des altgutnischen*. Sammlung kurzer Grammatiken germanischer Dialekte 8. Halle: Max Niemeyer.
- . 1923. *Altnordische Grammatik*. Bd. 1: *Altisländische und altnorwegische grammatik (laut- und flexionslehre)*. Unter berücksichtigung des urnordischen. 4. utg. Sammlung kurzer Grammatiken germanischer Dialekte 4. Halle (Saale): Max Niemeyer.

- Noreen, Erik. 1917–43. *Ärtemarksmålets ljudlära. Inledning. Deskriptiv ljudlära. Historisk ljudlära: Vokaler*. Svenska landsmål och svenskt folkliv. B 43. Stockholm: P. A. Norstedt & söner.
- Nornes, Marianne Valeberg. 2011. *Bergensk i Bergenhus. Ei sosiolingvistisk oppfølgingsgransking av talemålet i Bergenhus bydel*. Masteroppgåve. Universitetet i Bergen.
- NRO = *Norsk riksmålsordbok*. 1983–95. Red. av Trygve Knudsen & Alf Sommerfelt. 2. utg. 6 bd. Utgitt av det norske akademi for sprog og litteratur. Kunnskapsforlaget.
- Næs, Olav. 1979. *Norsk grammatikk. Elementære strukturer og syntaks*. 4. utg. Oslo: Fabritius.
- Oftedal, Magne. 1952. On the origin of the Scandinavian tone distinction. *Norsk Tidsskrift for Sprogvidenskap* 16: 201–225.
- Otnes, Hildegunn & Bente Aamotsbakken. 1999. *Tekst i tid og rom. Norsk språkhistorie*. 5. utg. 2017. Oslo: Det norske samlaget.
- Oudeyer, Pierre-Yves. 2006. *Self-organization in the evolution of speech*. Studies in the evolution of language 6. Oxford: Oxford University Press.
- Paul, Hermann. 1920. *Prinzipien der Sprachgeschichte*. 5. utg. Halle a. S.: Max Niemeyer.
- Pettersen, Eli. 1943. *Landvikmålet*. Hovudoppgåve. Universitetet i Oslo.
- Postal, Paul M. 1968. *Aspects of phonological theory*. New York, NY: Harper & Row.
- Riad, Tomas. 1998. The origin of Scandinavian tone accents. *Diachronica* 15(1): 63–98.
- Ross, Hans. 1907. *Norske bygdemaal. III. Oust-telemaal o numedalsmaal. IV. Hallingmaal o valdresmaal. V. Gudbrandsdalsmaal. VI. Upplandsmaal*. Videnskabs-Selskabets skrifter. II. Hist.-filos. klasse 1907 5. Christiania: Jacob Dybwad.
- Rød, Hild Meland. 2014. *Molde bymål. Ein kvantitativ korrelasjonsstudie i verkeleg tid*. Masteroppåve. Universitetet i Bergen.
- Sandøy, Helge. 1985. *Norsk dialektkunnskap*. 2. utg. 1987. Oslo: Novus.
- . 1993. *Talemål*. 2. utg. 1996. Oslo: Novus.
- . 1994. The nature of “overlong syllables” in the Scandinavian languages. *Phonologica. Proceedings of the 7th International Phonology Meeting*. Red. av Wolfgang U. Dressler, Martin Prinzhorn & John R. Rennison. Torino: Rosenberg & Sellier, 233–242.
- . 2008a. Språkendring. Mæhlum, Brit, Gunnstein Akselberg, Unn Røyneland & Helge Sandøy. *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistik*. 2. utg. Cappelen Damm, s. 195–219.
- . 2008b. Kontakt og spreining. Mæhlum, Brit, Gunnstein Akselberg, Unn Røyneland & Helge Sandøy. *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistik*. 2. utg. Cappelen Damm, s. 221–240.
- . 2013. Driving forces in language change – in the Norwegian perspective. *Language (de)standardisation in late modern Europe: Experimental studies*. Red. av Tore Kristiansen & Stefan Grondelaers. Standard language ideology in contemporary Europe 2. Oslo: Novus.
- Sapir, Edward. 1921. *Language. An introduction to the study of speech*. New York: Harcourt, Brace and Company.
- Seip, Didrik Arup. 1915. *Lydverket i åsdølmålet*. Bidrag til nordisk filologi av studerende ved Kristiania universitet 2. Kristiania: H. Aschehoug & Co.
- . 1916. *Grundlaget for det norske riksmaal*. Tilrædelsesforelæsning 28. april 1916 paa universitetet. Kristiania: Olaf Norli.
- . 1971. *Norwegische Sprachgeschichte*. Grundriß der germanischen Philologie 19. Bearbeitet und erweitert von Laurits Saltveit. Berlin: Walter de Gruyter.
- Skautrup, Peter. 1947. *Det danske sprogs historie*. Bd. 2: *Fra unionsbrevet til danske lov*. København: Gyldendalske boghandel. Nordisk forlag.
- . 1953. *Det danske sprogs historie*. Bd. 3: *Fra Holbergs komedier til H. C. Andersens eventyr*. København: Gyldendalske boghandel. Nordisk forlag.
- Skjækkeland, Martin. 1997. *Dei norske dialektane. Tradisjonelle særdrag i jamføring med skriftmåla*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.

- Skulerud, Olai. 1922. *Tinnsmålet*. Bd. 1.1: *Ljodlære. Ei utgreiding um ljod- og formverket i maalføret i Tinn i Nord-Aust-Telemark. Under jamføring med andre norske og andre nordiske maal*. Med maalprøvor og ei ordliste. Halle A. S.: Max Niemeyer.
- . 1938. *Tinnsmålet*. Bd. 1.2: *Ljodlære*. Oslo: Olaf Norli.
- Spurkland, Terje. 1989. *Innføring i norrønt språk*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Stausland Johnsen, Sverre. 2012. A diachronic account of phonological unnaturalness. *Phonology* 29(3): 505–531.
- . 2015a. Dialect change in South-East Norway and the role of attitude in diffusion. *Journal of Sociolinguistics* 19(5): 612–642.
- . 2015b. Språkendringar langs Oslofjorden. *Talemål etter 1800. Norsk i jamføring med andre nordiske språk*. Red. av Helge Sandøy. Oslo: Novus, 125–158.
- Storm, Johan. 1908. Norsk Lydskrift med Omrids av Fonetiken. *Norvegia* 1: 19–179.
- . 1920. *Ordlister over lyd- og formlæren i norske bygdemaal*. Red. av Olai Skulerud. Videnskapsselskabet's skrifter. II. Hist.-filos. klasse. 1919 3. Kristiania: Jacob Dybwad.
- Streitberg, W. 1896. *Urgermanische Grammatik. Einführung in das vergleichende Studium der altgermanischen Dialekte*. Sammlung von Elementarbüchern der altgermanischen Dialekte 1. Heidelberg: Carl Winter's Universitätsbuchhandlung.
- Svendsen, Martin. 1931. *Syntaksen i Stavanger bymål*. Utgitt av Bymålslaget. Oslo: H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard).
- Sørensen, Torstein. 2004. *Ord fra gamle Nesna*. Stamsund: Orkana.
- Torp, Alf. 1919. *Nynorsk etymologisk ordbok*. Kristiania: H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard).
- Torp, Alf & Hjalmar Falk. 1898. *Dansk-norskens lydhistorie. Med særligt hensyn på orddannelse og bøining*. Kristiania: H. Aschehoug & Co.
- Torp, Arne. 1973. Om genitivsomskrivninger og -s-genitiv i norsk. En syntaktisk og dialektgeografisk undersøkelse av possessivuttrykk i sørnorske dialekter i jamføring med nordiske og andre germanske språk. *Maal og Minne* (3–4), 124–150.
- . 1986. *Landvikmålet. Eit norsk skagerakmål*. Grimstad: Landvik historielag.
- Torp, Arne & Lars S. Vikør. 2014. *Hovuddrag i norsk språkhistorie*. 4. utg. Oslo: Gyldendal.
- Tryti, Tone. 2008. *Norsk slangordbok*. Oslo: Kunnskapsforlaget.
- Venås, Kjell. 1967. *Sterke verb i norske målføre. Morfologiske studiar*. Oslo: Universitetsforlaget.
- . 1984. *For Noreg og Ivar Aasen. Gustav Indrebø i arbeid og strid*. Oslo: Novus.
- . 1990. *Den fyrste morgonblånen. Tekster på norsk frå dansketida*. Utgjeven av det norske språk- og litteraturselskap. Oslo: Novus.
- . 2013. Didrik Arup Seip. Litt privat og mest fagleg. *Talemålsforskning i Norden dei siste 100 åra. Eit symposium i Åseral i 2011 i høve 100-årsjubileet for Didrik Arup Seips hovudfagsavhandling om åsdølmålet*. Red. av Lennart Elmevik & Ernst Håkon Jahr. Acta academiae regiae Gustavi Adolphi 127. Uppsala: Kungl. Gustav Adolfs Akademien för svensk folkkultur, 21–34.
- Vikør, Lars S. 1999. Austlandsmål i endring. *Austlandsmål i endring. Dialektar, nynorsk og språkhaldningar på indre Austlandet*. Red. av Turid Kleiva, Ingeborg Donali, Trygve Nesset & Helen Øygarden. Utgjeve i samarbeid med Austmannalaget. Oslo: Det norske samlaget, 13–48.
- Vågslid, Eivind. 1955. Grunndrag i norsk mål. *Fossegrimen* 2(1–2): 87–94, 168–170.
- Western, Aug. 1889. Kurze darstellung des norwegischen lautsystems. *Phonetische Studien* 2: 259–282.
- . 1921. *Norsk riksmåls-grammatikk. For studerende og lærere*. Kristiania: H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard).
- Wilse, J. N. 1780. *Norsk Ordbog eller Samling af Norske Ord. I sær de som bruges i Egnen af Spydeberg og viidere paa den Østre-kant af Norge, med Forerindring om Mundarten, samt Tillæg af nogle Egnens Ordsprog og Egen-Navne. Som Bilage K til Spydebergs Beskrivelse og ellers at faae for sig selv*. Christiania: S. C. Schwach.
- Øverby, Joleik. 1974. Målføra på indre Austlandet. Ei innleiing. *Austlandsmål. Språkarv og språkbruk på indre Austlandet*. Red. av Ola Skogstad. Orion-bøkene 150. Oslo: Det norske samlaget, 9–25.

- Øverby, Joleik. 1995. Ord og mål i søraust. *Talatrosten* 29: 36–93.
- Aars, J. 1878. *Retskrivnings-regler til skolebrug*. 5. utg. Kristiania: W. C. Fabritius.
- Aasen, Ivar. 1848. *Det norske Folkesprogs Grammatik*. Udgivet paa det kongelige norske Videnskabs-Selskabs Bekostning. Kristiania: Werner & Comp.
- . 1864. *Norsk Grammatik*. Omarbeidet Udgave af „Det norske Folkesprogs Grammatik“. Christiania: P. T. Mallings Forlagsboghandel.
- . 1873. *Norsk Ordbog med dansk Forklaring*. Omarbeidet og forøget Udgave af en ældre „Ordbog over det norske Folkesprog“. Christiania: P. T. Mallings Boghandel.
- . 1997. Udkast til en Dialektlære, eller Forklaring over det indbyrdes Forhold imellem Sprogarterne i Bergens, Kristiansands og Agershuus Stifter. September 1845. *Målsamlinger frå Christiansands og Agershuus Stifter*. Red. av Jarle Bondevik, Oddvar Nes & Terje Aarset. Skrifter frå Ivar Aasen-selskapet. Serie A. 4. Bergen: Norsk bokreidingslag, s. 168–187.
- Aasen, Kristine Nymark. 2011. *Stavanger-dialekten 30 år etter. Ei sosiolingvistisk oppfølgingsgranskning av tale-målet i Stavanger*. Masteroppgåve. Universitetet i Bergen.
- Aasmundseth, Kathrine. 2010. *”I den store sammenhengen er me jo bergensarar”*. *Bevisste og underbevisste språkholdninger i Øygarden*. Masteroppgåve. Universitetet i Bergen.

Sverre Stausland Johnsen  
Institutt for lingvistiske og nordiske studium  
Universitetet i Oslo  
Postboks 1102 Blindern  
NO-0317 Oslo  
stausland.johnsen@gmail.com